



Førde kommune



Kulturminneplan for Førde kommune 2018-2030

www.forde.kommune.no



1 Føreord

Førde sin visjon er drivkraft med menneska i sentrum. I samsvar med Førde kommune sin planstrategi legg vi no fram ein kulturminneplan. Med denne planen vil vi òg sette kulturarven i sentrum. Vi vil invitere innbyggjarane våre til å oppdage, oppleve og utvikle kulturarven i Førde. Kulturminneplan for Førde har som målsetjing å synleggjere kulturminna vi har i kommunen og gje dei merksemd. Slik kan alle i Førde få kunnskap om historia kulturarven fortel oss.

Det ikkje mogeleg å ta vare på alt. Vi skal velje kva kulturminne som er viktige å ta vare på, anten fordi dei er representative for ein stad eller periode eller fordi dei fortel ein spesiell historie. Det er mange omsyn å ta når ein skal velje. Utfordringa er å gi ei heilskapleg forståing av historia. Dette er spesielt vanskeleg for ein stad som Førde med så pass raskt vekst dei siste tiåra. Då må noko gå tapt på vegen i balansen mellom vekst og vern.

Kulturminneplanen er òg viktig for den kommunale arealplanlegginga. Kommunen har mynde til å regulere kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap til bevaring gjennom plan- og bygningslova. I tillegg vil kulturminneplanen vere ein viktig kunnskapsbase og fagressurs for ulike brukargrupper.

I arbeidet med oppfølging av planen vil kommunen samarbeide vidare med lag og organisasjonar. Sunnfjord museum er vårt kulturminnefagleg kompetansesenter og vil spele ei viktig rolle med å oppfylle planen. Det same gjeld kunstmuseet som ligg i Førde. Førde historielag må òg trekkast fram som ein sentral samarbeidspart for den planen vi no kan presentere.

Kulturminneplanen er ikkje uttømande. Den må oppdaterast jamleg etter kvart som vi oppdagar og registrerer nye kulturminne. Når vi blir ein del av Sunnfjord kommune frå 01.01.20, vil det vere naturleg å utarbeide ein ny felles kulturminneplan for heile kommunen.

Vi vil særleg takke Berit Gjerland frå Førde historielag, Asbjørn Tyssen frå Sunnfjord Museum, Torhild Vie og Johan Bengtsson frå Førde kommune for arbeidet med planen. Takk òg til Bjørn-Are Vollstad som har skrive kapittelet «Vegen til byen...».

Førde november 2018

Lise Mari Haugen
Rådmann

Innhaldsliste

1	FØREORD	2
DEL I: HANDLINGSPLAN.....		4
2	INNLEIING.....	4
2.1	<i>Bakgrunn, føremål og arbeid med planen</i>	<i>4</i>
2.2	<i>Oppbygging av planen og korleis vurdere kulturminna</i>	<i>4</i>
3	MÅL FOR KULTURMINNESATSINGA I FØRDE	6
3.1	<i>Nasjonale mål</i>	<i>6</i>
3.2	<i>Regionale mål</i>	<i>6</i>
3.3	<i>Førde kommune sine overordna mål for kulturminnearbeidet</i>	<i>6</i>
4	HANDLINGSPLAN – PRIORITERTE TILTAK.....	8
DEL II: KULTURMINNE I FØRDE KOMMUNE		11
5	VEGEN TIL BYEN - EIT HISTORISK OMRISS FRÅ CA. 1600 TIL VÅR TID	11
6	KULTURMINNE OG RESSURSAR	25
6.1	<i>Kulturminne som ressurs.....</i>	<i>25</i>
6.2	<i>Kulturminnetypar og definisjonar</i>	<i>25</i>
6.3	<i>Kulturhistorisk verdi og vernekriterium.....</i>	<i>26</i>
6.4	<i>Kunnskapsbasar</i>	<i>27</i>
6.5	<i>Nettsider med informasjon</i>	<i>27</i>
6.6	<i>Økonomiske tilskotsordningar</i>	<i>28</i>
6.7	<i>Freding og regulering til bevaring.....</i>	<i>28</i>
7	FREDA OG LISTEFØRTE KULTURMINNE.....	29
7.1	<i>Automatisk freds kulturminne</i>	<i>29</i>
7.2	<i>Automatisk freds bygningar</i>	<i>30</i>
7.3	<i>Vedtaksfreda bygningar, anlegg mv. frå nyare tid</i>	<i>30</i>
7.4	<i>Forskriftsfreda kulturminne</i>	<i>30</i>
7.5	<i>Kyrkjer</i>	<i>30</i>
8	TETTSTADEN FØRDE OG BRUK AV OMSYNSSONER	36
8.1	<i>Bruk av omsynssoner i samsvar med plan- og bygningslova</i>	<i>36</i>
8.2	<i>Kulturmiljø og bygningar i tettstaden Førde.....</i>	<i>36</i>
8.3	<i>Kulturmiljø.....</i>	<i>38</i>
8.4	<i>Enkeltbygg.....</i>	<i>48</i>
8.5	<i>Andre kulturminne</i>	<i>53</i>
9	BYGNINGAR OG BYGNINGSMILJØ I GRENDENE	54
9.1	<i>Den eldre bygningsmassen i grendene.....</i>	<i>54</i>
9.2	<i>A-bygg i grendene</i>	<i>55</i>
10	KRIGSMINNE I FØRDE.....	60
11	DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI.....	64
12	IMMATERIELLE KULTURMINNE I FØRDE	66

Vedlegg:

Vedlegg 1: Utfyllande opplysningar om utvalde kulturmiljø og enkeltminne i tettstaden Førde

Vedlegg 2: Oversikt over utvalde kulturmiljø og kulturminne i grendene

Vedlegg 3: Verdianalyse – Tuna i Vieåsen

DEL I: Handlingsplan

2 Innleiing

2.1 Bakgrunn, føremål og arbeid med planen

Ein kulturminneplan skal gje grunnlag for målretta sikring, vedlikehald, informasjon om og tilrettelegging av kulturminne. Ei fagleg forsvarleg forvaltning av dei faste kulturminna i kommunen er ei overordna målsetting. Planen skal også ha som føremål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til innbyggjarane i kommunen. For eigarane av kulturminne vil ei planforankring vere viktig med tanke på stønadsordning og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald. Både skulevesen, næringsliv og kultursektor kan nytte opplysningar om kulturminna for å skape auka kompetanse og gode opplevingar.

Kulturminneplan for Førde er ein tematisk kommunedelplan. Det er viktig at bygningar og anlegg vert fanga opp av kommuneplanen sin arealdel eller vert sikra gjennom reguleringsplanar.

”I arbeid med kommuneplan/kommunedelplanar har kulturminne og kulturmiljø ikkje vore vektlagde som eit ledd i tettstadsutvikling”, blei det slege fast i Førde kommune sin planstrategi for 2012-16. ”Eit auka fokus på dette i tettstadsutviklinga, vil bidra til utvikling av tettstaden sin eigenart, og skape større grad av identitet og tilhøyrslø. Dette bør stå sentralt i arbeidet med planar for sentrumsområda i Førde, men også elles i kommunen. Vern av kulturminne og kulturmiljø er viktig, men også tilrettelegging for bruk er sentral for å sikre kulturminne i ei tid der Førde opplever vekst og utvikling. Framtida sine generasjonar må få høve til å bli kjent med si eiga kulturhistorie.”

I handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026 er det lagt inn at vi skal utarbeide ein kulturminneplan. Dette er eitt av tiltaka for å nå det overordna fokusområdet om at «Førde er ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonal mangfald». I Kommunedelplan for kultur 2013 – 2020 er det peika på at Førde har ei utfordring for å sikre at kulturminna vert tekne vare på og synleggjorde, og at utarbeiding av kulturminneplan må vere eit tiltak for å sikre dette.

Den kulturminneplanen vi no legg fram er utarbeidd i tett samarbeid med Sunnfjord museum og Førde historielag.

Ein viktig del av arbeidet har elles vore å engasjere og få innspel frå innbyggjarane i kommunen. Det har m.a. blitt haldne fleire opne møte for å informere om arbeidet og få forslag til planen. Den første samlinga var i Førde sentrum i 2015. Våren 2017 var det møte i grendene; i Solheimsdalen for sørsida av Førdefjorden, i Holsen, Haukedalen, Angedalen og Sunde. På alle samlingane var det godt frammøte; vel 60 i Førde og 20-40 i grendene. Det var stor interesse og kunnskap hjå dei frammøtte, og vi har fått mange innspel som vi har tatt med oss i det vidare planarbeidet.

Andre samlingar og kurs som har blitt gjennomført i prosessen er kurs i DIVE - analyse (kulturhistorisk stadanalyse) i regi av Riksantikvaren og fylkeskommunen, kurs i registrering av kulturminne og prosjektet ”Martin Schei – soldat mot Franco” med film og utstilling.

2.2 Oppbygging av planen og korleis vurdere kulturminna

Kulturminneplan for Førde er den første kulturminneplanen som er laga i kommunen. Vi har delt planen i to. Den første delen inneheld det vi tradisjonelt omtalar som plandelen inkludert ein handlingsdel som viser korleis ein skal kartleggje, synleggjere og sikre kulturminna. Denne er

og viktig med tanke på søknad om midlar frå ulike tilskotsordningar. Handlingsdelen skal rullerast årleg. Den andre delen utgjer ein kompetansebase og viser kva vi har, kva digitale verktøy vi kan nytte og korleis vi kan utvikle denne basen vidare.

Ei viktig vurdering som er gjort i planen er det vi omtalar som framlegg til særleg viktige kulturmiljø og kulturminneobjekt. Her har vi vurdert kva som bør få status som «omsynssone». Omsynssone er eit juridisk omgrep og regulert i plan- og bygningslova. Ordninga med omsynssoner vert m.a. nytta for å regulere kulturminne og kulturmiljø som har lokal og regional kulturminneverdi. Freding etter kulturminneloven blir som regel brukt for å sikre kulturminne av særleg nasjonal verdi. Regulering til bevaring kan kommunane vedta med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c) og § 11-9 nummer 7. Reglar om omsynssonebevaring i reguleringsplanar kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Omsynssonene høyrer det med retningslinjer og føresetningar for dei aktuelle områda.

Vi har valt å vise fram særleg viktige kulturminne – kulturmiljø og einskild objekt (primært bygg) - i kapittel 8. Her presenterer vi både dei som vi meiner bør få omsynssone i kommuneplanen og dei som vi ser som viktige, men likevel ikkje bør ha ei slik omsynssone. Verdien av kulturmiljøa og kulturminneobjekta er vist med bilete og forklarande tekst.

3 Mål for kulturminnesatsinga i Førde

3.1 Nasjonale mål

Ved handsaming av *Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner* gav Stortinget si tilslutning til følgjande strategiske mål for kulturminneforvaltinga:

- *Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.*
- *Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.*
- *Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 % innan år 2020.*
- *For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årleg tapet ikkje overstige 0,5 % innan 2020.*
- *Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.*
- *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*
- *Eit representativt utval automatisk freda arkeologisk kulturminne skal vere sikra innan 2020.*

Dei strategiske måla blei vidareført i St.meld. nr. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*. Der blei også kommunane si rolle i kulturminneforvaltinga omtalt (s.70,72):

Gjennom sitt ansvar for planlegging etter plan- og bygningsloven, er kommunene viktige i forvaltningen av kulturminner og kulturmiljøer. Kommunen har også myndighet etter flere særlover som berører kulturminner, blant annet som lokal landbruksmyndighet.

Lokalhistorien bidrar til å gi et sted særpreg og egenart, med kvaliteter som gjør eiere og innbyggere stolte og gir dem en følelse av fellesskap. Kommunene har ansvar for å ta vare på et representativt utvalg av kulturarven, frå ulike epoker, sosiale lag, næringer og etter ulik byggeskikk og arkitektur.

Utfordringer er m.a. manglende kunnskap om og oversikt over viktige kulturminner. Bare 30 % av kommunene har egne planer for hvordan kulturminnene skal forvaltes. Det er viktig å tilføre kommunene kulturminnefaglig kompetanse.

3.2 Regionale mål

Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjør regional kulturminneforvaltning. Fylkeskommunen har dei siste åra hatt ei særskilt satsing på lokale kulturminneplanar, i tråd med den nasjonale satsinga på Kunnskapsløftet. Målet er å styrke kommunane si operative rolle på kulturminnefeltet. Fylkeskommunen peikar på kommunen sitt potensiale i å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn som hovudaktør i forvaltinga av kulturhistoriske verdier. Det vert lagt vekt på kommunane si rolle med å skaffe oversikt over kulturminne og lyfte dei fram for å unngå ytterlegare tap av dei. Fylkeskommunen oppmodar også om at kulturminna som vert registrerte blir lagt inn på nettstaden kulturminnesok.no.

3.3 Førde kommune sine overordna mål for kulturminnearbeidet

Eitt av Førde kommune sine særmerkje er den raske veksten og utviklinga i tettstaden og seinare byen Førde, særskilt frå 1960-talet og framover. Parallelt med vekst og utvikling kjem også diskusjonane om kva som er verdt å ta vare på og kva som kan fornyast. Kvar ligg dei gode bykvalitetane og korleis skal vi ta vare på Førde sine historiske verdier? Ein måte vil vere å sikre bygg og bygningsmiljø frå dei ulike tidsepokane fram mot vår tid.

Den raske folkeveksten på kort tid har ført til at Førde har fått mange innbyggjarar utan røter til staden og utan kunnskapar om den utviklinga tettstaden/byen har vore gjennom. Vi ynskjer derfor

å auke kunnskapen og identitetskjensla blant innbyggjarane gjennom formidling av kommunen si historie. Vi vil ha særleg merksemd på Førde si nære historie, men ser det også som viktig å setje kommunen si nære historie inn i eit større historisk perspektiv.

Satsinga gjeld også kulturminneverdiane i grendene. Dei må lyftast fram og synleggjerast. Kulturminna og bygningsmiljøa gjev viktig konkret kunnskap om byggeskikk og om sosiale og økonomiske forhold i Sunnfjord fram gjennom tidene. Dei har i tillegg potensiale til eit spekter av næringar, som handverk, gardsturisme og bygdeutvikling.

Førde kommune har derfor valt følgjande overordna mål for kulturminnearbeidet:

- 1) Auke kunnskapen og identitetskjensla blant innbyggjarane om kulturminneverdiane i kommunen
- 2) Ta vare på og sikre viktige kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- 3) Synleggjere kulturminne og kulturmiljø generelt

4 Handlingsplan – prioriterte tiltak

Med utgangspunkt i dei 3 måla (sjå kap. 3.) for kulturminnearbeidet, har vi laga følgjande handlingsplan for planperioden:

Slik har vi det i 2018:

- Stor del av innbyggjarane er tilflyttarar til kommunen og har avgrensa kunnskap om historia til tettstaden Førde og korleis Førde vaks fram som by
- Førde sentrum er prega av sterk vekst og kulturminneverdiar er pressa
- Mange fysiske kulturminne som fortel om tettstaden Førde si historie har hatt kort levetid og er borte
- Jordbruket og byggeskikken i grendene har endra seg mykje dei siste 50 åra.
- Det er avgrensa kunnskap og litteratur/informasjon tilgjengeleg om kulturminne og kulturhistorie i kommunen

Sterke sider	Utfordringar
• Eit aukande medvit blant folk flest om at ein må ta omsyn til historia i all planlegging. • Mange kulturminne / kulturmiljø er lett tilgjengelege	• Fleirtalet av folket i byen Førde er tilflyttarar og har ikkje fått lett tilgjengeleg kunnskap om kulturminne og kulturhistorie i Førde • Kunnskapen om kulturminne og kulturarv er lite tilgjengeleg • Rask vekst pregar/har prega utviklinga i sentrum

Slik vil vi ha det i 2030:

- Vi har styrka identitetskjensla til innbyggjarane i Førde og det er god allmenn kunnskap om kulturminne og kulturarv
- Viktige og sentrale bygningar/bygningsmiljø som representerer historia og utviklinga i tettstaden Førde er sikra og tekne vare på
- Innbyggjarane i Førde har kunnskap om korleis Førde vaks fram som tettstad og by og kva kulturminne som er særprega for historia og den sterke framveksten
- Kulturminne og kulturarv er ressurs i samfunnsutviklinga
- Kunnskap om lokale kulturminne/kulturmiljø er integrert del av opplæringa i skuleverket og på norsksenteret
- Oppdatert informasjon om kulturarven og kulturminne/kulturmiljø er lett tilgjengeleg for alle
- Det er enkelt å mobilisere folk for å ta vare på, få fram meir kunnskap om og synleggjere kulturminne og kulturmiljø
- Kommunen si rolle som vertskommune for musea i Sogn og Fjordane er godt ivareteke.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansvarleg	Partar	Tidspunkt/planar
Vedta omsynssoner i kommuneplanen sin arealplan for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandsskap i tråd med kulturminneplanen	Kommunen	Kommunen	Arealplan 2018 – 2030, vedtak 2019
Kommunale tilskot til verneverdige bygg i samsvar med kulturminneplanen	Kommunen	Kommunen	Økonomiplan 2020 – 2023
Digitalisere og gjere alt stadnamnmateriale som er samla inn i kommunen tilgjengeleg	Kommunen	Fylkesarkivet Førde historielag	Økonomiplan 2020 – 2023
Etablere kulturminneløyper i Førde	Kommunen	Førde historielag Sunnfjord Museum Friviljuge	2018 – 2030
Merke og informere om gamle ferdsleveggar	Kommunen	Indre Sunnfjord Turlag Bygdeutviklingslaga etc.	2018 – 2030
Formidle lokale kulturminner digitalt gjennom heimesider, appar, osb.	Kommunen, lag og organisasjonar	Historielag, grendalag,	2018 – 2030
Arbeide for betre arbeids- og formidlingstilhøve samt auke magasinkapasiteten gjennom realisering av «Kløften» ved Sunnfjord Museum	Kommunen og fylkeskommunen	Sogn og Fjordane Museum	2018 – 2022
Bruke kulturminneplanen i opplæring i barnehage og grunnskule	Grunnskulane Barnehagane	Friviljuge	2018 – 2030
Innarbeide kulturminneopplevingar i den lokale kulturelle skulesekken	Kommunen v/Kulturforum for den lokale skulesekken	Sunnfjord Museum, Førde historielag Friviljuge	2018 – 2030
Setje i gang arbeid med utviding av bygdeboka med ei allmennsøge for kommunen	Kommunen	Førde historielag Sunnfjord Museum	2018 – 2022
Tilby informasjon om kulturminne/lokalhistorie til tilflyttarar og elevar på norsksenteret	Kommunen v/norsksenteret	Sunnfjord Museum Førde historielag, Friviljuge	2018 – 2030
Utarbeide ein ny kulturminneplan for Sunnfjord kommune etter 2020	Kommunen	Sunnfjord Museum Sogelaga i Naustdal og Gaular, Førde historielag	2018 – 2030
Styrke prioritering av bygningar i SMIL-planen	Kommunen	Kommunen	Ved rullering
Registrere kulturminne og oppmode om at registreringar blir lagt i Kulturminnesøk	Frivillige, lag og organisasjonar	Sunnfjord museum Førde historielag Frivillige Grunnskulen Førde pensjonistlag Bygdeutviklingslag, Bygdekvinnelag Kommunen	Kontinuerleg
Informere via heimesider og sosiale medium om korleis ein kan ta vare på kulturminne og økonomiske støtteordningar.	Kommunen	Fylkeskommunen	Kontinuerleg
Markering av den årlege kulturminnedagen	Kommunen, lag og organisasjonar	Kommunen, Førde historielag, Fortidsminneforeininga	Kvart år

Del II: Kulturminne i Førde kommune

5 Vegen til byen - eit historisk omriss frå ca. 1600 til vår tid

Dei første førdianarane

Det er spor etter menneske i Førde-landskapet heilt tilbake til yngre steinalder, over 3.000 år f.Kr. Vi veit altså at det har vore folk på ferde i over 5000 år her i traktene. Etter istida for omlag 10.000 år sidan, då isen trakk seg tilbake og landhevinga tok til, gjekk strandlinja langs det som svarar til 60–65 m.o.h. i dag, langs toppen av sandterrassane på Vie, Bruland og Hafstad, og heilt inn til Stakaldefossen mot Jølster. På sørsida av fjorden og Jølstra har stranda gått gjennom Øvre Kvernberget og følgd Liavegen omlag til Halbrend skule og vidare inn til dei inste husa på Flatene, for så å gå fram igjen og på oppsida av Kleivane, og vidare langs lia ved foten av Hafstadfjellet. På nordsida av fjorden har sjøen stått over bustadfeltet på Bergum og Hornnes og gått på oppsida av blokkene på Haugum, vidare over Falkenstein, og rett over byggefelta i Presteholten, Grovane, Skyttarkvia og Slåtten, nesten heilt inn til Ryggjabrua i Angedalen.

Så langt strekte fjorden seg inn i landet, og langs desse terrassane er det gjort fleire arkeologiske funn. Spesielt funn frå ca. 1.700 f.Kr. på Hornnes viser tidleg busetting og jordbruksaktivitet, noko som kan tyde på at jordbruket på Vestlandet kom relativt tidleg inn i botnen av fjordane, ikkje berre heilt ute ved kysten. Det er også registrert spor etter støling i fjelltraktene tilbake til folkevandringstida i eldre jernalder, rundt 500 år e.Kr. Stølsdrifta var sentral i det gamle jordbruket, som var basert på sjølvberging, og dagens turkart gjev oss truleg berre småbitar av den rike namnefloraen som eksisterte kring stølane og råsene dit.

Kva tid Førde først fekk namnet Førde er uvisst, men det kjem av norrønt *firði* som er dativ av *fjorðr* som tyder fjord. Det vert brukt som namn på gardar inst i fjordane mange stader langs det vestre Noreg. Den tidlegaste stadfestinga av Førde-namnet inst i Førdefjorden er frå eit skinnbrev frå 1320-talet, i aktstykket om ektefolket Kolbein og Gislaug Glumsen i Erdalen. Om desse kan seiast å ha vore førdianarar, så er dei blant dei aller første vi kjenner ved namn frå skriftlege, historiske kjelder i dag.

Dei eldste husa

Truleg er det eit stabbur på Fletene i Holsen som er det eldste gardshuset i Førde. Året 1524 er rissa inn i eine stokken. På Sunnfjord Museum i Movika står det eit anna hus frå 1500-talet, Østenstadstova, ei stor sperrestove som vart flytta frå Jølster til Førde i 1913. Stova vart bygd på Østenstad av Nils Vie, den første bonden på garden etter Svartedauden, og i den eldste delen av bygget er året 1500 hogge inn over døra. Ny dendrokronologisk datering syner at stova er frå omlag 1540. Ein steinflor på Norddalsstølen på Holsen, ei eldstove i Bjørkedalen, og ei Løe på Fossen er òg mellom dei eldste bygningane i kommunen.



BILETE 1: Stabbur frå 1524 på Fletene. Foto: Arne Berg.

Hus på vandring

Kva hus som opphavelig høyrer til kvar er ikkje alltid godt å seie då hus gjerne vart flytta på før i tida. Eit døme er kontorbygget på Volden. Det er kanskje frå slutten av 1600-talet og truleg det eldste huset i sentrum. Det stod først på den gamle prestegarden på Toene, men vart flytta til Hundvebakke og tilbake derifrå til Volden der det har blitt nytta både som sorenskrivar- og kyrkjekontor, før det i dag er del av ein barnehage. Andre døme er det tidlegare bustadhuset til prokurator Lind som stod der det i dag heiter Lindbøen. Det står no på den gamle lensmannsgarden på Ålhus. Solberg i Korsavegen, også kalla Klokkargarden og Sandneshuset, var tidlegare kontorbygg for Norges Bank i Bergen. Det vart flytta til Førde i 1840. Futegarden som i dag står på Bruland, vart bygd på Svanøy i 1750-åra og kom til Førde i 1789. I samband med utskiftingane på gardane som grovt sett gjekk føre seg frå 1890 til 1930 i våre trakter, vart mange større tun oppløyste og hus flytta rundt som følge av dette. Det er først i seinare tid at hus har blitt meir stadbundne.



BILETE 2: Sjøahola, 1890-talet. Ukjend fotograf.

Sjøahola – den naturlege staden

Naturtilhøva er eit viktig grunnlag for både store og små stadar. Der elvar munnar ut og vegar møtast vert det gjerne ein viss aktivitet, og staden kan tette seg til over tid. Sjøahola er det første sentrum vi kjenner i Førde. Med sentrum meinast staden der hovudtyngda av offentlege aktivitetar går føre seg: handel, administrasjon, kommunikasjon osv.

Førdefjorden enda i Sjøahola der Jølstra hadde hovudutløpet sitt. I eldre tider gjekk mest all transport sjøvegen der det var mulig, og omlag all transport til og frå Bergen og nabobygdene gjekk via Sjøahola. Tidlegare var også religion rekna som sentrumsfunksjon, og truleg har kyrkja blitt lagt der den ligg i dag av same grunn. Her steig kyrkjefolket frå bygdene i land, og robåtar og segljekter kunne gå vidare opp Jølstra heilt inn til Vie. Eldste omtale av Førde kyrkje er frå 1320-talet, men det har vore kyrkje i Skei-området sidan 11–1200-talet.


For eit kommunikasjonssentrum som Sjøahola var det ikkje gitt at det skulle bli eit økonomisk sentrum også. Dette var det styresmaktene sin privilegiepolitikk som avgjorde. Byane hadde såkalla handelsprivilegium, og berre byborgarar hadde lov til å drive handel. I Sunnfjord veit vi at det vart drive handel fleire stader tidleg på 1600-talet, mellom anna i Sjøahola i Førde og i Osen i Gaular, og at det var bergensborgarar som stod for dette. Den første rike handelsmannen i Sjøahola var Hans Findmand, som slo seg ned på staden i 1672. Utover rein handel var der også gjestgiveri og kroverksemd:

«I den spede sentrumsdanninga rundt Sjøahola i gamal tid var det menneske av ymse slag. Og på denne møtestaden for handel og mange andre gjeremål vart skjenkestovene ein hyppig møtestad. I dette miljøet skjedde ein del som vanlegvis ikkje førekom i det vanlege livet på gardane, særleg slagsmål og nappetak. Her kom «fremmede elementer» av ymse kategoriar, tenestefolk og slektningar frå Bergen til gjestgjevar eller prest, lause karar eller kvinner frå utanbygds ein stad, som her såg ein sjanse til å slå seg gjennom for ei tid.»

Blant dei tidlegaste førdianarane vi kjenner til er Nils Halbrend. I 1610 fekk han bot for å ha slått ut to tenner på ein kremmar i Sjøahola, i «kræmmerens eget nøst». Vi kan derfor slå fast at

det var «sentrumsfunksjonar» i form av både handel og vandel i Sjøahola tidleg på 1600-talet. Det utvikla seg ein busetnad med strandsittarar og handverkarar i området mellom Sjøahola og kyrkja. Tidleg på 1800-talet var det minst 10 slike hus der, men lite av dette står att i dag.

Tingstova vart nemnt første gang i 1590-åra og låg då truleg i Sjøahola. Sorenskrivarordninga vart same året innført på bygdinga. Det kom eit påbod om at det skulle tilsetjast ein «svoren skrivar» i alle sokn.



BILETE 3: Skei og Prestebøen, 1895. Foto: K. Knudsen, Universitetsbiblioteket, UiB.



BILETE 4: Volden i 1860-åra. Ukjend fotograf.

Embetsmannsbygda

I tida før innføringa av kommunalt sjølvstyre gjennom formannskapslovene i 1837, då Førde kommune vart oppretta, hadde embetsmennene mykje makt. Mange av desse heldt til på Toene. Presten leidde skule- og fattigkommisjonen, som var dei viktigaste lokale organa. Sorenskrivaren leidde bygdetinget, som var den viktigaste møteplassen mellom folk og styresmakter. Sjøahola var tingstad fram til rundt 1900. Kommuneadministrasjonen og Førde Sparebank heldt også til i «Førde tingstue», frå 1837 til rundt hundreårskiftet. Då flytta dei inn i nybygg på Feten – i «Gamlebanken», som vi kallar bygget i dag.

Presten Peder J. Finde kjøpte i 1661 den gamle storgarden «Førde med Skey», som i 1666 vart delt i 2 matrikelgardar: Førde prestegard og Skei. Skei vart delt i to bruk: Indre Skei og Ytre Skei, som i sin tur vart delt vidare inn i høvesvis Indre Skei og Volden, og Ytre Skei og Falkenstein. Volden kjenner vi i dag som «Sorenskrivargarden» og Ytre Skei som «Kapteinsgarden».

Første opplysningar vi har om husa på prestegarden er frå 1628–36, då presten Jakob Olufson Morsing «oppbygde den paa Præstegaarden staaende Vaaning, hvori Præsten residerede». Eit måleri frå 1841 viser 10 hus blant høge tre. Med tida vart prestebustaden riven og erstatta ved fleire høve. Huset som står i dag var prestebustad fram til 1975. No vert huset nytta av Sogn og Fjordane Teater, og presten bur på Volden.

Den tidlegaste futen i Førde vi kjenner ved namn er Jens Hallandsfar (ca. 1470–d. etter 1542). Han var fut, handelsmann og jordeigar, og i tillegg nemnt som rådmann i Bergen i 1528: *«Den danskfødde Jens Hallandsfar hadde vorte fut i Sunnfjord ein gong før 1518, og hadde embetet truleg til han døydde. (...) Også sonen Nils Jensen budde på Hafstad, og han var truleg også fut i Sunnfjord.»*ⁱ Frå 1789, og fram til embetet vart lagt ned i 1898, budde futen i Sunnfjord og Nordfjord på Futegarden på Bruland.ⁱⁱ

Lensmenn har det vore i Noreg i alle fall sidan tidleg på 1200-talet. Det er ingen norsk tenestemannsinstitusjon som er eldre og har lengre tradisjon enn lensmannen. Lensmannen har hatt ulike funksjonar opp gjennom tidene og rundt om i landet. Lensmann Johannes Falch i Førde kjøpte i 1824 ein utskild del av Ytre Skei, som etter Falch vart kalla Falkenstein. Bruket Kirkevolden, rett vest for kyrkjebakken, vart vidare utskilt frå Falkenstein.

I 1727 vart Toene lagt ut som eksersisplass for det militære *Førdeske Compagnie*, og var i bruk som dette fram til kring 1860. Seinare vart Toene nytta som utstillingsplass for husdyr og anna. Første hesteutstillinga på Vestlandet vart halden på Toene i 1864, og plassen vart seinare nytta som idrettsbane og festplass. I dag er det berre ei lita flate att av eksersisplassen, vis-à-vis Volden.

Dei tre gardsbruka Prestegarden, Volden og «Kapteinsgarden» vart frå midten av 1860-åra og fram til krigen eit viktig kultursentrum i bygda, noko som også har sett spor etter seg nasjonalt. Førde sine «fire store» diktarar: Kristian Elster d.e., Ole W. Fasting, Hjalmar Christensen, og Kristian Elster d.y., kom alle frå embetsmannsmiljøet på Skei. Dei var delvis i slekt, og var opptekne av tilhøvet mellom embetsmenn og bønder i Førde på slutten av 1800-talet.

Sentrum flyttar seg – Jølstra skifter løp og postvegen kjem

1780-åra vart starten på slutten for Sjøahola som sentrum i Førde. I staden for å svinge innom Sjøahola, braut Jølstra vinteren 1780 seg eit nytt løp, frå Storehagen og rett ut i fjorden. Elva vart gradvis grunnare i området vi i dag kallar Løken, og gjorde at det med tida vart vanskeleg å kome til med båt.

I 1785 vart det bygd post- og skysstasjon på Hafstad i samband med at Den Trondhjemske Postveg mellom Bergen og Trondheim vart etablert, og i 1793 fekk Nils Helgeson Hafstad løyve til å drive gjestgiveri der, og etterkvart også handel. Dette svekte Sjøahola som økonomisk sentrum.

Ny veg og nytt elveløp gjorde Hafstad til ein meir naturleg stad for eit sentrum i Førde. Likevel var det ulike økonomisk aktivitetar og administrative funksjonar i Sjøahola og i Skei-området heilt til slutten av 1800-talet.



BILETE 5: Det eldste biletet av Førde, frå gamlevegen ved *Kvilefurua* i Halbrendslia, i 1835. Litografi av C. Müller etter måleri av Hans Leganger Reusch.



BILETE 6: Det eldste fotografiet av Førde sentrum, tatt frå Hafstadbakken på 1860-talet. Det er truleg dampskip frå Fylkesbaatane som ligg i utløpet til Jølstra. Ukjend fotograf.

Ein spreidd «tettstad» – bruer, lakselordar og dampskipstrafikk

Kvar ein kan kome til med båt og kvar ein best kryssar elvar, vatn og fjordar, er viktige punkt for stader si utvikling. For Førde har bruene vore sentrale. Allereie i 1776 ivra Generalvegmeister Nicolai Frederich Krogh for å bygge bru over Jølstra ved Farsund, då det var mykje hestetransport i området. Av di det var myrlendt på staden var det ingen som ville ta på seg arbeidet og brua ville bli for dyr. Ho vart først ferdigstilt rundt 60 år seinare.

Det var først i 1830-åra at Hafstad vart ein verkeleg konkurrent til Sjøahola. I 1838 vart Langebrua bygd etter initiativ frå forretningsmannen Lange og lensmann Falch. Langebrua sette fart på handelen i områda rundt brua. Sidan Langebrua var eit privat føretak måtte folk betale for å krysse. Brua måtte erstattast ved fleire høve: i 1856, 1874, 1925 og 1959. Dei tre første bruene vart tatt av elva på ulike vis medan brua i 1959 rett og slett vart bytta grunna låg trafikkapasitet. Fagverksbrua som då vart fjerna står i dag i Solund. Langebrua batt vegane i sentrum saman på ein ny måte, og Kyrkjevegen vart livsnerven mellom dei to bygdesentra, Sjøahola og Hafstad. På 1860-talet vart det bygd veg ut til det som skulle bli det tredje bygdesenteret, Steinen.

Steinen veks fram

Fylkesbaatane vart stifta i tingstova i Sjøahola i 1858 og i 1870 vart det bygd dampskipskai på Steinen, noko som gjorde at Førde på dette tidspunktet hadde tre ulike sentrum. Utover første halvdel av 1900-talet vart Steinen også Førde sitt første industriområde med Emil Steen sin tønnefabrikk, Mathias Leivestad sin ullvarefabrikk og Førde Cementvarefabrikk, samt at Vestlandske Salslag starta sitt første slakteri i ei sjøbu der ute. Overgangen frå vêravhengig jektefart til motorisert rutebåt var stor og sørga for stabil transport av både folk og gods via sjøvegen.



BILETE 7: Liv på Steinen 2. pinsedag 1926. «Framnæs» ved kai. Ukjend fotograf.



BILETE 8: Hafstad Hotell kring 1895. Foto: Knud Knudsen, Universitetsbiblioteket i Bergen, UiB.

Hotell drift

Hafstad hotell vart grunnlagt i 1860 og er den mest fotograferte bygningen i Førde i siste halvdel av 1800-talet. Sivertsens hotell, reist midt på 1860-talet og ferdig utbygd på slutten av 1890-talet, var då den største bygningen i Førde. Grunnlaget for hotell drifta på denne tida var den veksande turismen som tok seg opp etter kvart som vegnettet vart utbygd og dampskipstrafikken kom inn i faste ruter. Elva gjennom Førde var også kjent som ei god lakseelv, noko som drog pengesterke folk frå både inn- og utland til Førde. Særleg var det mange engelskmenn som kom att, år etter år. Den første engelske «lakselorden» som kom til

Førde seiast å være Sir Henry Pottinger på 1860-talet. Velståande sportsfiskarar la att mykje pengar på hotella i Førde.




BILETE 9: Laksefiskarar med kraftig rugg, 1919. Foto: O. Fauske.

Sentrum tetnar til

Mot slutten av 1800-talet var det i ferd med å bli eit samanhengande sentrum på begge sider av Langebrua. På Skorpa, på nordsida, låg Sivertsen Hotell, butikk, bakeri, og etterkvart nokre bustadhus. «Prestheim», rett bak «Rikken», er truleg det eldste huset på Skorpa i dag, frå tidleg 1880-talet. Langs Kyrkjevegen ligg det fleire hus frå hundreårskiftet: Erdal-huset, «Gamlebanken» og Kristiansenhuset, «Gamleskulen» som brann ned i 2003, og kyrkja frå 1885. I 1902 vart Tingstova i Sjøahola flytta til Øyna på Hafstad, og då var det ikkje mykje aktivitet att ved Løken i den første «tettstaden» i Førde.

På sørsida av Langebrua kom utbygginga i gang det første tiåret på 1900-talet, men fleire dreiv allereie handel der før den tid, m.a. Førde forbrugsforening, Nikolai Andersen, og ikkje minst kjøpmann Schultz. Han overtok kjøpmann Lange si sjøbu ved Hafstad Hotell, ei bu som seinare er kjend som både Schultz- og Flatenbua. Nils J. Flom bygde Flomhuset i 1910, eit stort treetasjes hus, som på 20-talet vart utvida til Førde sitt første handelshus. Flomhuset vart rive tidleg på 1960-talet for å gje plass til ein ny stor forretningsgard, i den byggeboomen som då fann stad.



BILETE 10: Sivertsen Hotell, 1907. Foto: O. Svanøe.



BILETE 11: «Handelssenteret» på sørsida kring 1910. Ukjend fotograf. Frå venstre skimtar vi huset til Alfred Hafstad som også var posthus. Dernest huset til skreddar Bruland og bokbindar Pedersen. Det store kvite huset var butikken til John Flom, den gamle tingstova som var vart flytta frå Sjøahola. Så følger bakeriet til Johs. Gundersen og butikken til Nikolai Andersen, som seinare vart overtatt av Anders Sølvberg. Sjøbua til høgre hørde til butikken til Nikolai Andersen.ⁱⁱⁱ

Staselege hus, straum, skular og gardsmeieri

Med utviklinga av separatoren rundt 1890, vart det etablert gardsmeieri i grendene rundt Førde, før fleire etterkvart gjekk saman og stifta Førde Meieri i 1924. Rundt hundreårskiftet vart det bygd grendaskular på Sunde, Furebø, Ulltang og Furevik/Kråkenes, samt på Holsen, Ytre Åsane, Masdalen og Frøysland. Førde skule stod ferdig i 1894 og Sunnfjord ungdomsskule, som vart starta i Naustdal i 1902, flytta til Førde i nybygg på Solvang i 1909. Året etter brann ungdomsskulen ned og 6 menneske miste livet. Skulen vart gjenreist allereie i 1911, og fekk namnet Haavetun, etter haugianaren Anders Haave. I perioden 1860 til 1900 vart det også reist heile 3 nye kyrkjer: i Førde, på Holsen og i Haukedalen. I 1914 vart kraftverket ved Brulandsfossen sett i drift, og det vart lys i bygda til jul same året.



BILDE 12: «Lyskrysset» i 1953. Apoteket «Pontoppidan» t.v. og posten t.h. Førde Meieri flyttar frå Teigen til nytt bygg i Storehagen – her vert den store mjølketanken flytta. Foto: D. Reiakvam

På 1920-talet vart det reist to staselege bygningar rett nord for Langebrua. Førde Apotek bygde nytt hus som fekk tilnamnet «Pontoppidan», av uvisst grunn, og på motsett sida av vegen vart det sett opp nytt posthus i dansk herregardsstil. Begge desse bygningane vart rivne. Vidare vart Klakeggbygget og Viking ferdigstilt i 20-åra, samt nytt hovudhus på prestegarden, ny aldersheim i Grovene, og ikkje minst Selmerhuset i hagebyen, som truleg endå er eit av Førde sine mest staselege bustadhus.


I 1930 vert Førde for første gang omtala som tettstad i statistikken og lansert som fylkessenter. Tettstaden hadde då 214 innbyggjarar. Førde var den 15. største tettstaden i fylket, med like mange innbyggjarar som Kalvåg. Høyanger var størst og heile 10 gonger større enn Førde. I dag kallar vi Førde nynorskbyen – nynorsk vart innført i skulen i Førde i 1933.

På 30-talet vart det opna veg over Rørvikfjellet og Gaularfjellet samt veg til Naustdal, som vart forlenga til Florø i 1945. Slik vart aust-vest-aksen i Sunnfjord fullført og Førde vart eit endå viktigare vegkryss.

Krigen i Førde

Dei siste dagane av april 1940 var dramatiske i Førde. Restane av dei norske styrkane på Vestlandet var flytta over til nordsida av Sognefjorden, og ein stor del var samla i Førde for å føre striden vidare. Førde var nær ved å bli bomba på same måte som Voss, hadde det ikkje vore for at nordmennene la ned våpena 1. mai om morgonen. I Førde var det stasjonert tyske troppar gjennom heile krigen, men først i 1942 vart bygda peikt ut til å være det sentrale støttepunktet for Sogn og Fjordane. Fronten var på kysten, derfor var kommunikasjonssenteret Førde ein høveleg stad for administrasjon og leiing av styrkane på kysten. Størst aktivitet var det i åra 1943–44 då ein divisjonskommando og ein general var stasjonert i Førde.^{iv}

Under krigen vart Sivertsen Hotell rekvirert av tyskarane saman med fleire andre bygningar rundt om i Førde. På Kronborg vart det oppretta fangeleir for russiske krigsfangar. Dei bygde blant anna «Burma-vegen» frå Sanderplassen og opp til bunkersanlegget på Hafstadbakken. Der hadde den tyske leiinga godt utsyn over fjorden og dalen elles, og hadde ein brakkeleir for divisjonsstaben, samt eit større fjellanlegg som endå er intakt. Øvstkommanderande for tyskarane i Førde og fleire stabsoffiserar rekvirerte hus i Lysthaugen. Vidare hadde tyskarane viktige stridsstillingar på Kletten, retta mot vegen til Naustdal. Restar etter dette finst der i dag.



BILETE 13: Etter frigjeringa, 17. mai i 1945. Få stod og såg på, fleirtalet gjekk med i toget. Foto: D. Reiakvam.

Veksten tar av

I 1950 var Førde på 18. plass på lista over tettstader i fylket, mindre enn t.d. Askvoll, Vadheim og Raudeberg. På 50-talet får Førde sin første reguleringsplan. Førde Meieri og Firda Billag flytta til Storehagen og starta slik utbygginga av dette området. Seinare vart det også bygd slaktehus her før handelen overtok på 80- og 90-talet.



BILETE 14: Tidsskifte på sørsida på 1960-talet. Foto: D. Reiakvam.

Siste halvdel av 50-talet og utover 60-talet var det stor byggeaktivitet i Førde. I følge Firda var det i 1961 heile 6 nye forretningsbygg under oppføring berre på sørsida. Frå 60-talet og fram til tusenårsskiftet var Førde blant dei raskast veksande tettstadane i landet. Frå å ha vore ein liten stad vart Førde den største tettstaden i fylket i 1996, og utropte seg sjølv til by då innbyggartalet i 1997 passerte 10.000.



BILETE 15: Daglegliv ved brufestet på sørsida, kring 1950. Vegkrysset Førde – kryssande trafikk og allslags aktivitet, bygdebyen veks fram Foto: D. Reiakvam.

6 Kulturminne og ressursar

6.1 Kulturminne som ressurs

Kulturminne og kulturmiljø utgjer viktige ressursar og verdiar i samfunnet. Dei finst i våre fysiske omgjevnader og er meir eller mindre synlege spor etter menneska sitt liv og virke.

Kulturminna er ein del av vår felles arv. Mange er einaste kjeldematerialet til både den nære og meir fjerne kulturhistoria sidan dei skriftlege kjeldene er så sparsame. Kulturminna er dermed viktige som kjelde til kunnskap og ein vesentleg del av vår kulturarv. I fleire tilfelle har dei uerstattelege opplysningar om materialbruk og handverksteknikkar.

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø er samansett, både i tid og rom, form og funksjon. Dei er grunnlag for opplevingar, bevisstgjerings, identitetsskaping og lokal forankring i miljøa som omgjev oss, og mange har ein bruksverdi. Mange bygg, særleg bustadhus frå seint 1800-tal og frå 1900-talet har gode brukskvalitetar i dag. Andre bygg kan takast vare på ved at dei kan få endra funksjon, men utan at dei blir vesentleg endra.

Kulturminne er sentrale ressursar i samband med næring og verdiskaping, ikkje minst innan reiseliv, bygdeutvikling og gardsturisme. På den måten bidreg dei positivt i nærings- og distriktsutviklinga. Historikk og tradisjon er i dag eit hyppig brukt element i marknadsføring av produkt og destinasjonar.

Bygningsmiljø og bygningar frå ulike epokar er med å gje eit urbant miljø ein historikk og eit fotfeste. Mange stader utgjer denne bygningsmassen ein viktig variasjon og ressurs i stadutviklinga. Kulturhistorie og urbanitet gjer ein by meir attraktiv å bu i, flytte til og jobbe i. Byen Førde har potensiale til å bli nettopp ein slik by.

6.2 Kulturminnetypar og definisjonar

Omgrep	Definisjon
Kulturminne	Alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet. Omfattar også stader der det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
Automatisk freda kulturminne	Kulturminne som ut frå alder er automatisk freda etter lov om kulturminne § 4. Det omfattar kulturminne frå tida etter istida for ca. 11 000 år sidan fram til år 1537, også kjent som arkeologiske kulturminne eller forminne. Ståande byggverk med kjent opphav frå perioden 1537-1649, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år og faste og lause kulturminne frå Svalbard frå før 1946 er også automatisk freda. Skipsfunn eldre enn 100 år, sjå § 14 i lov om kulturminne.
Nyare tids kulturminne	Kulturminne frå tida etter 1537. Har i utgangspunktet ikkje spesiell juridisk status.
Vedtaksfreda kulturminne	Nyare tids kulturminne som er freda gjennom vedtak etter lov om kulturminne § 15.
Forskriftsfreda kulturminne	Nyare tids kulturminne som er freda ved statleg forskrift. Gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av statleg verneplan og som er i statleg eige på fredingstidspunktet.
Listeført kulturminne	Nyare tids kulturminne som etter kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og er oppført på liste over objekt som skal forvaltest på nærare definert måte. Både kulturminne som er formelt freda (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeført.
Regulert til bevaring	Kulturminne/kulturmiljø som etter plan og bygningslova er regulert til bevaring ved bruk av omsynssone og tilhøyrande retningslinjer og føresegner.

Verneverdig kulturminne	Eit verneverdig kulturminne har gått gjennom ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Verneverdig og bevaringsverdig blir gjerne nytta om kvarandre.
Kulturmiljø	Eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap, og kulturminneverdi er med på å definere området. Bygningsmiljø er døme på kulturmiljø.
Kulturlandskap	Landskap som er påverka av menneske.
Faste kulturminne	Jord- eller stadfaste kulturminne.
Lause kulturminne	Gjenstandar og kulturminne som er flyttbare.
Immateriell kulturarv	Tru, tradisjon, segn, musikk, hendingar, handlingsboren kunnskap og handelag m.m.
SEFRAK-registeret	Eit landsdekkande register over eldre bygningar og anlegg (SEFRAK-SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg). I hovudsak var det bygningar bygde før 1900 som vart registrerte. Ferdigstilt i 1995.
Meldepliktig tiltak	Det må gjerast vurdering av verneverdien for ein bygning eldre enn 1850, i tråd med kulturminnelova § 25. Det gjeld i samband med søknad om endring eller riving. Kommunen sender søknaden til fylkeskommunen for fagleg vurdering.
Vernekriterium	Eit sett med omgrep nytta ved vurdering av eit kulturminne/kulturmiljø sin kulturhistoriske verdi, t.d. representativitet og autentisitet.

6.3 Kulturhistorisk verdi og vernekriterium

Det finst eit sett med kriterium for å vurdere dei kulturhistoriske verdiane som kulturminne kan ha. Det er særleg bygningar som blir vurdert etter vernekriterium. Bygningane som blei registrert i Førde i samband med SEFRAK-registreringa har gått gjennom ei vurdering av kulturhistorisk verdi. Vurderinga blei gjort i samband med utarbeidinga av *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune. Bygningsvern. 1994*.

Sentralt i vurdering av kvart bygg og bygningsmiljø står deira

- Kunnskapspotensiale
- Opplevingsverdi

For å utdjupe dei to kategoriane, nytta ein seg av følgjande sju delverdiar

- Bygningshistorisk verdi
- Næringshistorisk verdi
- Sosialhistorisk verdi
- Historisk verdi knytt til person eller hending
- Estetisk verdi
- Identitetsverdi
- Annan verdi

Desse delverdiane blir vurdert saman med

- Alder
- Autentisitet
- Miljøsamanheng
- Representativitet

Til slutt vert kvart bygg og bygningsmiljø vurdert i forhold til

- Pedagogisk potensial
- Brukspotensial

Evalueringa resulterte i deling av bygningsmassen i tre klassar: klasse A, B og C ut frå vernekriteria. Klasse A har høgast kulturhistorisk verdi og dermed høgast verneverdi medan

klasse C har tilsvarende lågast. Dette biletet kan likevel endre seg noko over tid. I lokal kulturminneplan for Førde er bygg og bygningsmiljø i klasse A og B teke med. Kap. 9 inneheld bygningar og bygningsmiljø i klasse A. Ei fullstendig oversikt for klasse A og B står i vedlegg 2.

Dei same kriteria er nytta i denne planen ved vurderinga av kulturminna i Førde tettstad.

6.4 Kunnskapsbasar

Sentral lokalhistorisk litteratur (ikkje uttømmende liste)	Kommentar
- Plan for vern av kulturminne i Førde kommune, bygningsvern. Camilla Mohr 1994. Sogn og Fjordane fylkeskommune - Steens skrifter om Førde sokn. Bind 1,2,3,4,5 og 6 av Frederik Martin Budtz Steen - Førde Bygdebok. Band 1 og 2. Finn Borgen Førsund 1990 og 1992 - Førde: kulturhistorisk vegvisar. Torkjell Djupedal 1998 - Hundre år i Førde: ei biletreise 1860 – 1960. Asbjørn Tyssen 2001 - Stølsbok for Førde. (Red.) B. Gjerland, A. Furevik, A. Aasland 2015. Førde historielag - Førde blir by 1957 – 2017. Arne W. Aasland 2017 - Jul i Sunnfjord 1926-2014. Sunnfjord Sogelag - Sogeblad frå Førde kommune, Hefte 1 – 25. Førde sogenemnd 1982 – 2007 - Førde historieskrift 2008 - Førde historielag	Planen er ei evaluering av bygningar og bygningsmiljø i tre grupper A, B og C ut frå kulturhistoriske kriterium. Er tilgjengeleg på Førde bibliotek og på www.fylkesarkiv.no Bygdebøkene er gards- og ættesoge for alle gardane i kommunen. Til sals i resepsjon i Førdehuset. Presentasjon av historia og tettstaden Førde. Til sals Foto frå heile kommunen. Utselt. På Førde bibliotek. Temaartiklar og presentasjon av alle stølane i kommunen. Utselt. På Førde bibliotek. Presenterer utviklinga av tettstaden og byen Førde. Til sals. Årleg kulturhistorisk julehefte med stoff frå heile Sunnfjord. Tilgjengeleg i digital form på http://sunnfjord.museum.no/nn/node/263 Artiklar og avisklypp om eldre tider i Førde. På Førde bibliotek. Årleg skrift med artiklar om ulike tema i heile kommunen. Eldre årgangar til sals hjå Førde historielag.

6.5 Nettsider med informasjon

Nettside	Kommentar
www.sunnfjord.museum.no	Samlingane m.m. på museet er tilgjengeleg her.
www.sf.fylkesbibl.no	På Fjognedok kan ein søke på lokalhistoriske artiklar.
www.fylkesarkivet.no	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har ei rad med databasar med informasjon, også om kulturminne og forhold i Førde.
www.fylkesatlas.no	Har ei rad med temalag om kulturminne m.a.: Sefrak-materialet med registreringsskjema og kartfesting av bygg.

	bygde før 1900, kulturminne/attraksjonar, automatisk freda kulturminne, freda bygg og stadnamn.
https://kulturminnesok.no	Nasjonal oversikt over kulturminne der også fleire kulturminne i Førde er registrert.
www.ra.no	På Riksantikvaren si heimeside kan ein lese om kulturminne og kulturmiljø.
www.allkunne.no	Her kan ein lese Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane med artiklar også frå Førde.
www.digitaltmuseum.no	Dei kulturhistoriske musea si felles formidlingsløyising på nasjonalt nivå. Inneheld fotografi, gjenstandar og kunst.
www.unimus.no	Dei kulturhistoriske samlingane ved universitetsmusea omfattar m.a. gjenstandar, foto og arkeologiske funn. Her er også ein del foto etter fotograf Olai Fauske
www.uib.no	Universitetsbiblioteket i Bergen har fleire samlingar, m.a. fotosamling etter fotograf Knud Knudsen
https://www.arkivverket.no	Statsarkivet i Bergen dekkjer Sogn og Fjordane og Hordaland.

6.6 Økonomiske tilskotsordningar

Økonomiske tilskotsordningar vert nytta for at vi lettare skal kunne ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Tilskotsordningane dekkjer meirkostnad ved skjøtsel, vedlikehald og restaurering etter antikvariske prinsipp. Det må søkast før arbeid blir sett i gong. For fleire av støtteordningane er det ein fordel at kulturminna inngår i den lokale kulturminneplanen i kommunen.

Norsk kulturminnefond gjev støtte til verneverdige bygningar og anlegg. Andre ordningar som også kan vere aktuelle er Norsk Kulturarv, Stiftelsen UNI og Gjensidigestiftelsen. Riksantikvaren gjev økonomisk støtte til freda bygg og anlegg.

Innanfor landsbruksnæringa har Fylkesmannen tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP). Kommunane forvaltar tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

6.7 Freding og regulering til bevaring

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap for komande generasjonar. Den offentlege forvaltinga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå nyare tid har i utgangspunktet inga form for juridisk vern. Lover som gjev grunnlag for juridisk vern av desse, er kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Riksantikvaren, som er direktorat for kulturminnevern, vedtek freding av kulturminne og anlegg i medhald av lov om kulturminne. Det skjer i medhald av fredingsstrategi og etter utarbeiding samt høyring av fredingsframlegget til berørte partar og kommunen. Det er kulturminne av nasjonal verdi som kan bli freda etter lov om kulturminne.

<https://www.riksantikvaren.no/Fredning/Fredningsstrategi-mot-2020>

Kommunen har på si side mynde til å regulere kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap til bevaring gjennom plan- og bygningslova. Det skjer i det kommunale planarbeidet med regulerings-, område- og kommuneplanar. Desse planane er juridisk bindande. Det er ynskjeleg at kommunen nyttar dei juridiske verkemidla som er til rådvelde for å sikre lokale og regionale kulturminneverdiar.

7 Freda og listeførte kulturminne

Dette er kulturminne som i stor grad er av nasjonal verdi. På <https://kulturminnesok.no> er det meir opplysningar om dei ulike kulturminna.

7.1 Automatisk freda kulturminne

Dette er kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder, dvs. frå ca. 9 000 år før Kristus og fram til år 1537. Kulturminna er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne § 4. Dei blir også kalla forminne eller arkeologiske kulturminne. Oversikta viser kulturminna som er registrerte og som finst i landskapet i dag. Kjente kulturminne som er utgravne eller på annan måte fjerna, er ikkje med.

<i>Kart nr.</i>	<i>Lokalitet ID</i>	<i>Namnegard</i>	<i>gnr/bnr</i>	<i>Kulturminne</i>
1	134194	Grøneng	3/utmark	Tufter mellom Fjerde- og Femtevatn
2	134195	Grøneng	3/utmark	Tufter ved Litlegrø
3	133961	Grøneng	3/3	Tuft, Selhaugen
4	25858	Frøysland	4/7	Gravrøys
5	133979	Gjerland	5/utmark	Ivarvarden, bautastein
6	6330	Gjerland	5/6	Altershogjen, gravrøys
7	64081	Gjerland	5/10	Gravrøys
8	84506	Gjerland	5/10	Haukedalen mellomalderkyrkjestad
9	25859	Gjerland	5/11	Gravrøys
10	84611	Holsen	9/14, 9/12	Holsen mellomalderkyrkjestad
11	224580	Holsen	9/14, 9/12	Dyrkingslag
12	130305	Erdalsdal	18/1	Dyrkingslag, Tuftene
13	130424	Rotenes	16	Dyrkingslag, Rotenesstølen
14	130425	Klopstad	15	Dyrkingslag, Klopstadstølen
15	25860	Hjelle	24/1, 24/2	Gravrøys
16	55547	Furebø	26/1	Bautastein
17	84222	Skei	21/25, 21/560	Førde mellomalderkyrkjestad
18	132169	Vie	43/1, 43/2,3	Kokegroplokalitet
19	132177	Vie,	43/1, 43/2,3	Busetnad-aktivitetsområde
20	151808	Vie	43/2,3	Busetnad-aktivitetsområde
21	6331	Vie	43/7	Vie mellomalderkyrkjestad
22	180135	Vie	43/7	Busetnad-aktivitetsområde
23	180145	Vie	43/7, 43/8 43/7, 43/16,	Dyrkingslag
24	64082	Vie	43/43	Gravfelt, Løland
25	108054	Vie	43/8	Gravfelt, Bøbakkane
26	230973	Vie	43/8	Dyrkingslag
27	230974	Vie	43/8	Dyrkingslag
28	180143	Vie	43/16	Busetnad-aktivitetsområde
29	180144	Vie	43/16	Busetnad-aktivitetsområde
30	229797	Digernes	57/1	Dyrkingslag
31	222620	Hafstad	61/41	Dyrkingslag
32	140909	Mo	47/1	Tjæremile

7.2 Automatisk freda bygningar

Dette er ståande bygningar som er bygde før 1650. Dei er freda i medhald av lov om kulturminne § 4.

<i>Kart nr.</i>	<i>Lokalitet ID</i>	<i>Kulturminne</i>
33	87339	Østenstadstova. Stova står på Sunnfjord Museum (gbnr. 47/1,2).
34	87348	Stabbur. Det står i gardstun på Fleten (gbnr.10/4).

7.3 Vedtaksfreda bygningar, anlegg mv. frå nyare tid

Dette er bygningar og anlegg som er bygde etter 1650. Dei er freda i medhald av lov om kulturminne § 15.

<i>Kart nr.</i>	<i>Lokalitet ID</i>	<i>Kulturminne</i>
35	87335	Futegarden på Bruland (gbnr. 60/164). Tunet inneheld m.a. våningshus, drengestove/kontorbygning, eldhus, stabbur. Hovudbygningar er frå 1700-talet. Fire bygningar blei freda i 1923.
36	87336	Hovudbygningen på Kirkevollen, Skei (gbnr.21/18,19). Bustadhuset er frå 1800-talet og blei freda i 1923.
37	87337	Løsetloftet, står på Sunnfjord Museum (gbnr. 47/1,2). Loftet stod opphavleg i tunet på garden Løset i Jølster. Freda i 1923.
38	87338	Sandnesbua, står på Sunnfjord Museum (gbnr.47/1,2). Bua stod i tun på Sandnes i Jølster, tunet blei freda i 1923.

7.4 Forskriftsfreda kulturminne


Dette er kulturminne frå nyare tid i statleg eige, og dei er freda/sikra gjennom landsvise verneplanar.


<i>Kart nr.</i>	<i>Lokalitet ID</i>	<i>Kulturminne</i>
39	148700	Førde sentralsjukehus med bygningar, hage og parkanlegg. Bygg og anlegg er forskriftsfreda i medhald av Helse- og omsorgsdepartementets landsverneplan 2012.
40	201567	Elveforbygging i Jølstra. Det er eit teknisk/industrielt kulturminne som er statleg listeført. Ansvarleg organisasjon er Norges vassdrags- og energidirektorat.
41		Soknepresten sitt kontor på Toene, Skei (gbnr.21/30).


7.5 Kyrkjer

Eit utval av kyrkjene på landsbasis er statleg listeførte, og mange kyrkjer står på stader der det har stått kyrkje sidan mellomalderen.

Kart nr.	Lokalitet ID	Kulturminne
42	84222	Førde kyrkje er statleg listeført, og kyrkjestaden er automatisk freda. Dagens kyrkje vart vigsla i 1885. Arkitekt var J.W. Nordan. Kyrkja erstatta ei relativt ny, enkel tømmerkyrkje, vigsla i 1838. Kyrkja før det, hadde som kor den gamle stavkyrkja, og det lafta skipet var truleg oppført på 1620-talet. I mellomalderen stod her ei stavkyrkje.
43	84612	Holsen kyrkje er statleg listeført. Dagens kyrkje vart vigsla i 1861. Arkitekt var J.W. Nordan. Ho vart oppført på tørr stad nærare elva. I mellomalderen stod det ei stavkyrkje nærare vatnet. Ho vart riven ein gong etter 1722..
44		Haukedalen kyrkje står på automatisk freda kyrkjestad. Noverande kyrkje vart vigsla i 1885. Arkitekt var H.S. Eckhoff. Den eldre, lafta kyrkja er nemnt som kapell under Holsen kyrkje i 1699. Den kyrkja var bygd og kosta av folket. Ho vart riven i 1884. Kyrkja i mellomalderen var nok eit kapell utan landskyld.









8 Tettstaden Førde og bruk av omsynssoner

8.1 Bruk av omsynssoner i samsvar med plan- og bygningslova

Kommunane kan med heimel i plan- og bygningslova sette av særskilde kulturminnemiljø og bygningar – omsynssoner – i kommuneplanen sin arealdel og i reguleringsplanar.

Omsynssoner er overordna føresegnerom bevaring i kommunen si arealplanlegging i samsvar med plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Til omsynssone høyrer det til retningslinjer og føresegner til dei aktuelle områda. Målet med omsynssone er altså å sikre viktige kulturminne. For å kunne gjere tiltak eller utarbeide reguleringsplanar som femner om omsynssona, må det gjerast ei eiga fagkunnig vurdering.

8.2 Kulturmiljø og bygningar i tettstaden Førde

Når prosjektgruppa har vurdert eksisterande kulturmiljø og bygningar i tettstaden, er det tre målsettingar som har vore retningsgjevande:

- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer alle tidsperiodane i tettstaden si utvikling. Dette er krevjande fordi tettstaden har i periodar utvikla seg svært raskt, og mange hus har hatt ei svært kort levetid.
- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike sosiale grupperingar i tettstaden.
- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike næringar i tettstaden.

Vi har hatt ei pragmatisk tilnærming til å definere tettstaden Førde. Alle dei utvalde kulturminna ligg på matrikkelgardane Halbrend, Hafstad, Via, Førde prestegard og Skei. Bygningmiljø og enkeltbygg er, med nokre unntak, merka av på tilhøyrande kart over tettstaden.

I vurderingane våre har vi tatt omsyn til bygg frå to andre evalueringar av kulturminne i Førde. For det første er det tatt med hus frå *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune*, utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1994. Planen er ei evaluering av bygningssmassen etter kulturhistoriske kriterium, sjå også punkt 2.3.

I tillegg har vi vurdert bygningane som var med i oversikta til *Ad hoc utvalet*. Ad hoc utvalet var eit utval oppnemnt av formannskapet i desember 2006 med mandat til å kartlegge hus/bygningar/eigedommar/hagar i Førde tettstad som har spesiell verdi for historia til Førde. Utvalet definerte mandatet sitt til å

- Registrere og kartfeste bygningar og område med historisk, arkitektonisk eller anna kulturell verdi.
- Registrere og skildre særprega og identitetsberande element
- Prioritere kulturminna på grunnlag av ei vurdering av kva status dei skal ha i ein vernesamanheng.

Ad hoc utvalet la fram ein rapport i september 2007 der dei ulike bygga var delt i tre kategoriar A, B og C. Gruppe A er vedtaksfreda hus, B er fredingsverdige hus, og C er andre bygg og miljø med spesielle kulturhistoriske eller arkitektoniske kvalitetar som bør vurderast særskilt etter plan- og bygningslova. I tillegg vart ein del hus og anlegg sett på ei uprioritert liste.

Kulturmiljø, enkeltbygg og andre kulturminne i kap.8.2., 8.3. og 8.4. har høge kulturhistoriske verdiar. Det er framlegg i planen at dei blir tekne vare på med hjelp av omsynssoner etter plan- og bygningslova.

I det følgjande har prosjektgruppa gjort ei vurdering av kva for kulturmiljø og bygningar ein ønskjer å etablere som omsynssoner. Rådmannen har merknader til nokre av framlegga. Presentasjonen er organisert slik at prosjektgruppa syner kva kulturminneverdi kvart einskild miljø eller bygg har, deretter presenterer rådmannen si vurdering. Kartet under syner omsynssoner om nummerering i samsvar med gjennomgangen i dette kapittelet.



8.3 Kulturmiljø

Ein meir utførlig omtale av dei einskilde kulturminna og kulturmiljøa i tettstaden ligg som **Vedlegg 1** bak i denne planen.

Fram til 1900

1 Sjøahola

Sjøahola er området der Jølstra møtte sjøen før elveløpet vart lagt om på slutten av 1700-talet. På slike møtepunkt var det aktivitetar i førhistorisk tid, og det utvikla seg ofte ein busetnad, det same var tilfelle i Sjøahola. I historisk tid bidrog handelsverksemd, kro og overnatting og ein del offentlege funksjonar som tingstove til aktivitet i området. I tillegg var det mange handverkarar og eigedomslause husmenn som etablerte seg der. Det er i dag få spor att etter denne busetnaden som kan definerast som første sentrum i Førde.

Sjøahola

Tidsperiode: Førhistorisk og historisk tid fram til 1900.

Verneverdi:

Det er særleg den førhistoriske og historiske verdien av området som er viktig. Det har både næringshistorisk og sosialhistorisk verdi. Prosjektgruppa vurderer det slik at det er stort potensial for automatisk freda kulturminne. Hjellehuset gbnr. 21/68, med tun skal vere med i omsynssona. Området bør ikkje fortettast. Dei eldre husa skal takast vare på slik dei står. Følgjande hus skal takast vare på som dei er: gbnr. 21/238, 21/9/1. Dagens einebustadar kan utviklast på vanlege vilkår. Sjøahola ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen, men prosjektgruppa ønskjer å utvide sona i samsvar med kartet.

Rådmannen vurderer det slik at ein opprettheld dagens omsynssone.



2 Toene

Utstrekninga av dette kulturmiljøet er området på sørsida av Kyrkjevegen frå Fougnerhola og Kirkevolden i vest, til og med gamle prestegarden i aust. I tillegg gjeld det flata på nordsida av Kyrkjevegen, eit område som gjennom tida har vore nytta som ekserserplass, utstillingsplass og idrettsplass. Her ligg kyrkja, og heile området høyrde fram til 1666 til den gamle Førdegarden. Denne var òg prestegard. Gardsbruka i dette området har i lang tid vore tilhaldsstad for ulike embetsfolk som prestar, sorenskrivarar og militære offiserar.

Toene

Tidsperiode: 1660 – i dag

Verneverdi:

Toene som kulturmiljø kan knytast opp mot mange vernekriterium. Som eit samla område er den historiske verdien knytt m.a. til dei ulike diktarane, i tillegg til den sosialhistoriske verdien. Toene har òg ein høg identitetsverdi og pedagogisk potensiale ved at det enno er bevart så mykje at ein kan fortelje ei samanhengande historie. Det er også ein stor bygningshistorisk verdi knytt til området, m. a. representert ved Kirkevolden, kyrkja, kapteinsgarden og det gamle kontorbygget på Volden. Prosjektgruppa vurderer det òg slik at området har stort potensiale for automatisk freda kulturminne. Bustadhuset på gardsanlegget Kirkevolden er vedtaksfreda etter lov om kulturminne. Kirkevolden er freda etter lov om kulturminne. Kyrkja har eit særskild vern i samsvar med lov. Bygningsmiljøet på Toene ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen inkludert heile tunet til Kirkevollen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa med omsyn til den store verdien Toene representerer som kulturmiljø og at ein opprettheld omsynssone her.



3 Steinen

Steinen vaks fram som eit lite sentrum i bygda frå 1860-talet i samband med at det vart oppretta fast båtsamband med Bergen. I tillegg til kaianlegget har det vore handel, overnatting, reiarlag og ulike typar industrisatsingar på Steinen.

Steinen

Tidsperiode: Frå 1870 til i dag

Verneverdi:

Det er særleg stor næringshistorisk verdi som kjenneteiknar Steinen, men også ein viss historisk verdi knytt opp til enkeltpersonar som sto for utbygginga. Vi finn òg spor etter krigsminne her i form av ein liten tunnell sprengt inn i fjellet. Sjøbu og vedhus på Steinen er markert med klasse A i Plan for vern av kulturminne i Førde kommune (1994). Sjøbu på Steinen er nemnt av Ad hoc utvalet, men er ikkje prioritert. Steinen har ikkje noko omsynssone i dag.

Rådmannen er samd i at området blir lagt inn som omsynssone inkludert eigedomen til Steen.



4 og 6 Indre Halbrend gbnr. 62/001 (Brulandstunet) og Teigen

Grimeliens Koparverk i Askvoll eigde gardstunet i ein kort periode i andre halvdel av 1700-talet. Dei hadde smeltehytte for koparverket sitt her. Etter 1785 har det vore eit tradisjonelt og familieeigd gardsbruk og representerer i dag eit velhalde bygningsmiljø frå 1800-talet med høg autentisitet.

Teigen var opphaveleg bustadområde for ulike handelsmenn og handverkarar. Plasseringa er mellom hovudvegen og Jølstra like aust for Halbrendselva. Området har opphavleg høyrte til Hafstad, men vart i tidlegare tider gjeve som faddergåve til Halbrend.

I dag er det to hus med ein viss alder att i Teigen, huset Nøysomhet og huset til Grov. Dei representerer òg to viktige menn i Førde si nære historie, Kristian Ulltang som grunnla avisa Firda, og fotografen Olai Fauske.

Indre Halbrend gbnr. 62/001 (Brulandstunet) og Teigen

Tidsperiode: 1800-1900-talet

Verneverdi:

Det er naturleg å sjå Indre Halbrend og Teigen som eit samla kulturmiljø. Bygningsmiljøet i Brulandstunet har stor næringshistorisk og bygningshistorisk verdi. Tunet har òg stor grad av autentisitet. I *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994) er tunet med bustadhus, kårhus, stabbur, eldhus, vedhus, 2 våningshus, løe og vognhus sett i klasse B. Brulandstunet er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Bygningsmiljøet ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Den næringshistoriske verdien for Teigen er spesielt viktig her, i tillegg til den historiske verdien knytt til personar som budde her. Når det gjeld huset «Nøysomhet» har det ein bygningshistorisk verdi med høg autentisitet. I *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994) er Teigen med 2 våningshus, bustadhus og sjøbus sett i klasse B. Miljøet er særleg framheva i klasse B.

Teigen er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Bygningsmiljøet i Teigen ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at ein opprettheld omsynssone både på Indre Halbrend og Teigen. Då vil det òg vere naturleg å ta inn holmen ved elva i denne omsynssona.



5 Halbrend gbnr. 62/009 (Heljetunet)

Dette tunet står, på same vis som Brulandstunet, i dag fram som eit tradisjonelt gardsanlegg frå 1800-talet, der dei ulike husa vert haldne i svært god stand.

Halbrend gbnr. 62/009 (Heljetunet)

Tidsperiode: 1800-1900-talet

Verneverdi:

Det viktigaste her er den bygningshistoriske verdien knytt til dei tradisjonelle gardshusa i tunet og den høge autentisiteten. I *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994) er tunet med bustadhus, 2 stabbur, eldhus, vedhus, våningshus og løe sett i klasse B.

Halbrendstunet er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Bygningsmiljøet i Heljetunet ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at ein opprettheld omsynssone her og at ein legg inn eit litt større område.



7 Kyrkjevegen og bygningsmiljøet i Feten

Dette området vert avgrensa i aust mot Kyrkjevegen. Det var eit viktig bygningsmiljø i Feten med Granheim (1899), Gamlebanken (1901), Erdalshuset (ca. 1900) og Prestheim (1880). Mellom Gamlebanken og Granheim låg i tillegg det gamle bedehuset i Førde (1880-1957). Desse er alle viktige hus i historia til tettstaden.

Kyrkjevegen og bygningsmiljøet i Feten - prioritert

Tidsperiode: 1880-1901

Verneverdi:

Det er både bygningshistorisk verdi, næringshistorisk verdi og identitetsverdi knytt til dette miljøet. Det representerer den første samanbindinga av dei ulike sentera i tettstaden kring 1900-talet. I *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994) er området kalla Gatemiljø. Kyrkjevegen vert føreslått regulert til spesialområde med føremål vern. Klasse B. Miljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B. Gamlebanken er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe B. Kyrkjevegen med alléen er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Gamlebanken ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen rår til at dagens omsynssone blir utvida utover Gamlebanken i samsvar med framlegget til prosjektgruppa.



8 Elvheim og Elvestad gbnr. 61/024 og 61/175 (Kristiansenhusa) og Pikant gbnr. 61/431

Elvheim er, saman med eldste del av Førde hotell og Nøysomhet i Teigen, det eldste huset på sørsida av elva i Førde. Det vart sett opp like aust for brufestet til Langebrua på 1870-talet. Vi veit ikkje alderen på huset, men det vart truleg flytta frå Bruland av Tollef Bruland. Huset vart bygd på til noverande form i 1933 då Alfred Kristiansen starta manufakturbutikk her. Aust for dette huset, på same eigedom, vart det bygd ny manufakturbutikk i 1963 under namnet Førde Manufaktur. Desse husa er mellom dei få kombinerte næringsbygg/bustadar som står att langs elvekanten i Førde.

Restaurant Pikant opna i 2000. Den har eit moderne formspråk og utnyttar godt plasseringa si med den nære tilknytninga til elva.

Elvheim og Elvestad gbnr. 61/024 og 61/175 (Kristiansenhusa) og Pikant gbnr. 61/431

Tidsperiode: 1870-åra, 1963 og 2000

Verneverdi:

Elvheim, som er av dei aller eldste husa på sørsida, og nabohusa Elvestad og Pikant har ein klar næringshistorisk verdi som låge næringsbygg på 2 etasjar på sørsida Jølstra. Det har tidlegare stått fleire slike bygg langs elvekanten, men dei er enten rivne og erstatta av høgbygg eller vedtatt rivne. Dei 3 husa som står att representerer òg 150 års næringsdrift i dette området. Dei 3 husa har vidare bygningshistorisk verdi som representative for si tid. Elvheim er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Elvheim ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa, men det må takast eit atterhald om at det kan gjerast endringar for næringsbygget Pikant og Elvestad (nye Kristiansen-bygget), sidan dette er eit utviklingsområde. Det er dermed utfordrande å legge Pikant og Nye Kristiansen-bygget inn som omsynssone. Området er gjenstand for nye utbyggingsplanar og det er viktig å sikre høve til fornying og utvikling her. Blodbøka bør likevel takast vare på (eigen plan med helsestatus). Med dette atterhaldet meiner rådmannen at næringsbygget Pikant og Elvestad (nye Kristiansen-bygget) kan bli ein del av omsynssona.



1900 - 1950

9 Hagebyen

Hagebyen i Førde ligg mellom Kyrkjevegen og Prestebøen. Heile området vart utbygd på 1950-60-talet. Verneverdien her går mest på strukturen, med regulerte einestader med hage i sentrum. Det er òg viktig at heile området er regulert etter retning på elva og dei gamle eigedomsgrensene i området.

Det er to enkelthus som merkjer seg ut, Selmerhuset bygd i 1928 og Eikesethuset frå 1948.

Hagebyen - prioritert

Tidsperiode: 1928 – 1960

Verneverdi:

For heile området er det særleg miljøsamanhengen og den historiske verdien som er viktig. Bustadområdet er med å knyte saman det gamle og det nye sentrum. Enkelthbygg som Selmerhuset og Eikesethuset har òg bygningshistorisk og næringshistorisk verdi. Selmerhuset og Eikesethuset er vurdert av Ad Hoc utvalet å høyre til gruppe C. Hagebyen er nemnt av Ad hoc utvalet, men er ikkje prioritert. Eikesethuset og Selmerhuset ligg med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa og tilrår vidare at Prestebøen Burettslag, som eit autentisk bustadområde, òg bør vere med i omsynssona.



10 Bygningsmiljøet ved Naustøyna – Klakeggbygget, Flatenbygget og Reiakvam gbnr. 61/017, 61/133, 61/087

Handelsmennene og jølstringane Anders Flaten og Jeremias Klakegg starta med handel på sørsida i Førde mellom 1910 og 1920. Klakegg leigde først lokale, men bygde det som seinare er blitt heitande Klakeggghuset i 1928.

Flaten starta òg opp i anna lokale før han bygde på noverande stad kring 1930. Huset som står der i dag vart bygd i 1964.

På nabotomta sette fotograf Dagfinn Reiakvam opp ei tyskarbrakke i 1947 der han dreiv butikken sin. Noverande hus vart bygd i 1962.

Bygningsmiljøet ved Naustøyna – Klakeggbygget, Flatenbygget og Reiakvam gbnr. 61/017, 61/133, 61/087

Tidsperiode: 1928 -1964

Verneverdi:

Verneverdien til dette miljøet går særleg på identitetsverdi, næringshistorisk verdi og historisk verdi knytt til personar som har vore viktige i Førde tettstad si historie. Klakeggbygget er nemnt av Ad hoc utvalet, men er ikkje prioritert. Klakeggbygget ligg likevel med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa og tilrår vidare at Fisketorget òg blir ein del av omsynssona.



11 Bygningsmiljøet i Gravaldsberget

Gravaldsberget har ein del av den same busetnaden som har vore i Sjøahola, med tidlegare husmannsplassar som har blitt frikjøpt tidleg på 1900-talet. Kjenneteikna ved små bygningar. Heile vegen mellom Vaskarvollen og Skyttarkvia har det vore husmannsplassar, mindre bruk og handverkarbustader som har høyrte til, eller vore utskilt frå, gardane Skei og Førde prestegard. Det er få stader det er bevart eit slikt heilskapleg miljø som ved Gravaldsberget.

Bygningsmiljøet i Gravaldsberget

Tidsperiode: 1900-1950

Verneverdi:

Verneverdien til dette miljøet går særleg på sosialhistorisk verdi og bygningshistorisk verdi. Utfordring med omsyn til Førdepakken og mogeleg utvikling her. Prosjektgruppa ynskjer likevel omsynssone i området. Gruppa meiner at bygningane må takast vare på og at det ikkje vert ført opp nye bygg i området samt at ein finn gode løysingar med omsyn til veg med gang og sykkelveg i Førdepakken.

Rådmannen støttar ikkje prosjektgruppa her. Grunna utfordringar med utbygging særleg knytt til Førdepakken tilrår rådmannen at det er tilstrekkeleg å få ein status som følgje av skildring i kulturminneplanen og at det ikkje blir etablert omsynssone her.



1950 - 2000

12 Grillenkvartalet

1960-talet var ein svært viktig periode i historia til Førde sentrum. Mest heile området på nord- og sørsida av Langebrua var eit stort anleggsområde. Gamle bygningar vart rivne, landskapet på sørsida vart heva pga. flaumproblem og nye bygningar vart sett opp. I dag er mesteparten av desse rivne og bygd om. Eit unnatak er det vi her kallar Grillenkvartalet.

Grillenkvartalet består av Grillenbygget frå 1963, Grønfurbygget frå 1955 og Bergegården som vart bygd i fleire byggetrinn mellom 1960 til det sto ferdig i 1970.

Grillenkvartalet

Tidsperiode: 1955 – 1970

Verneverdi:

Den historiske verdien av dette området er viktig og representerer den store utbygginga som fann stad i Førde etter 1960. Området har særleg næringshistorisk verdi knytt til framveksten av Førde som bilby. Bygningshistorisk er Grillenbygget og Grønfurbygget nokre av dei få attståande husa som vart teikna av arkitekten Connie Henden som budde i Førde og var sentral i mykje av byggeaktiviteten på denne tida.

Rådmannen er ikkje samd med prosjektgruppa. Rådmannen vil peike på at dette område er under transformasjon og at det vil vere krevjande å legge ei omsynssone her. Når det gjeld Connie Henden og dei bygg ho har teikna i Førde, meiner vi Firda Billag sitt administrasjonsbygg må vere referansebygget hennar fordi det står fram som autentisk, både med omsyn til eksteriør og interiør.



13 Shell, Esso og Førde Vulk

Shell-stasjonen ligg, saman med Esso-stasjonen og det gamle bygget til Førde Vulk, i nyfunkisstil på motsett side av vegen som ein port inn til det gamle sentrum på sørsida. For «bilbyen» Førde vil det vere naturleg at noko av dette vert tatt vare på som kulturminne knytt til trafikk og bilkøying.

Shell, Esso og Førde Vulk

Tidsperiode: 1955-57

Verneverdi:

Dette miljøet har ein næringshistorisk verdi som representantar for ei viktig næring i Førde. I tillegg har både Shell-stasjonen og Førde Vulk-bygget klar bygningshistorisk verdi som representantar for 50-tals funksjonalismen.

Rådmannen er samd i kulturminneverdien særleg Førde Vulk-bygget har. Esso og Shell-bygget har mindre verdi og autentisitet og bør ikkje vere med.



14 Administrasjonsbygg og verkstad-hall Firda Billag gbnr. 21/175

Etter 40 år på sørsida flytta Firda Billag inn i nytt administrasjonsbygg på noverande stad i 1962-63. Huset er teikna av den engelskfødde arkitekten Connie Henden som budde i Førde og sette sterkt preg på utbyggingane i Førde på 1950- og 1960-talet.

Administrasjonsbygg og verkstad-hall Firda Billag gbnr. 21/175

Tidsperiode: 1963

Verneverdi:

Administrasjonsbygget og verkstadhallane mot Storehagen er bygde på den same tida, og har ein klar historisk verdi som representantar for den store utbygginga i Førde på 1960-talet.

Administrasjonsbygget er truleg det best bevarte og autentiske bygget etter arkitekt Connie Henden i Førde. Bygget ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen. Administrasjonsbygget til Firda Billag er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe B.

Prosjektgruppa ynskjer omsynssone som inneheld administrasjonsbygget, busshaldeplassen og verkstadhallane. Alle bygga blei oppført i 1962-63 og gruppa meiner det bør vere ei samla omsynssone. Dei peiker på at verkstadhallane er låge og har vindaug mot gata og dannar eit hyggeleg gatemiljø. På sikt kan nye funksjonar komme inn i hallane, t.d. mathall, butikkar, kafear.

Rådmannen meiner det med referanse til utvikling i sentrum vil vere krevjande å legge større omsynssoner her. Vi er likevel samde om at administrasjonsbygget framleis må ha ei omsynssone, og ønskjer i tillegg å inkludere plassen framfor der bussane står. Derimot ønskjer rådmannen ikkje å ha verkstadhallen som omsynssone.



15 Tuna i Vieåsen (Åsen og Åreflotberget burettslag)

Desse burettslaga representerer bustadutbygginga i andre halvdel av 1970-talet i samband med etableringa av sentralsjukehuset i Førde. Strukturen og plasseringa i landskapet gjer desse tuna til kanskje det mest vellukka bustadprosjektet i Førde når det gjeld tilpassing.

Tuna i Vieåsen (Åsen og Åreflotberget burettslag)

Tidsperiode: 1970-talet

Verneverdi:

Tuna i Vieåsen har ein historisk verdi som representant for den store utbygginga i Førde etter etableringa av sjukehuset. Vidare har dei ein stor bygningshistorisk verdi for måten tuna er tilpassa i miljøet. Rådmannen er samd i den historiske verdien desse tuna har og har fått utarbeidd ein eigen verdianalyse som skildrar dette nærare. Rapporten er lagt ved. Rådmannen meiner likevel at det ikkje er naudsynt å legge omsynssone til alle dei fjorten tuna, men tilrår heller å plukke ut 4 tun som representerer det mest autentiske.



16 Blokkene på Bergum

Bustadblokkene på Bergum, som vart bygd tidleg på 1970-talet, representerer den første blokkbusetnaden i Sogn og Fjordane.

Blokkene på Bergum

Tidsperiode: 1970-talet

Verneverdi:

Sidan dette er den første blokkbusetnaden i Sogn og Fjordane, har det ein bygningshistorisk verdi.

Rådmannen meiner eksteriøret ikkje er slik som opphavleg og at blokkene ikkje bør leggst inn som omsynssone.



17 Førdehuset og stadionanlegget (gbnr. 22/234)

Førdehuset vart bygd som regionalt kulturhus som ein del av satsinga på Førde som vekstsenter. Det var det første av slike kombinerte kultur/idrettsbygg i landet, og vart teikna av arkitekt Peder Ristesund. Første del vart bygd i 1976, men det vart utvida med 5500 m², til 17500 m² i 1996. I 2018 står huset framfor ei ny utbygging då Førde kulturskule skal integrerast i bygget.

Det er naturleg at ein òg tar med anlegga framfor Førdehuset. Det omfattar stadionanlegget, parkeringsplassen og den tilhøyrande rette «paradegata» mellom parkeringsplassen og stadionanlegget, gata som vert nytta 17.mai, under folkemusikkfestivalen og ved liknande høve.

Førdehuset (gbnr. 22/234) og området

Tidsperiode: 1976 (1996)

Verneverdi:

Førdehuset med stadionanlegg og parkområde har ein stor identitetsverdi i Førde. Som det første regionale kulturhuset i landet, har det og stor bygningshistorisk verdi. Førdehuset ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen. Førdehuset er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C.

Rådmannen meiner Førdehuset er ikonisk. Men området er i transformasjon og kan bli endra som følgje av bru, plassering av stadion, nytt bassengområde og mogeleg ny hall knytt til Førdehuset. Det viktige er likevel uttrykket som det opphavlege Førdehuset hadde inkludert aksa sør mot Angedalsvegen. Rådmannen meiner det er viktig å sikre ei sone framfor Førdehuset for å bevare fasadeuttrykket.



Enkeltbygg

1800-1900

18 Solberg gbnr. 21/023 (Sandneshuset)

Dette er eit av dei eldste husa i sentrum av Førde. Det er eit empirehus som vart flytta frå Bergen til noverande stad på Hundvebakke i 1840. I Bergen vart huset nytta som kontorbygg for Norges Bank.

Solberg gbnr. 21/023 (Sandneshuset)

Tidsperiode: 1820 (1840)

Verneverdi:

Solberg ligg med omsynssone i kommuneplanen. I *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994) er våningshus, stabbur og naust sett i klasse B. Sandneshuset er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Prosjektgruppa meiner hovudhuset har ein stor bygningshistorisk verdi med høg autentisitet. Vidare har huset høg historisk verdi knytt til personar som har budd i huset opp gjennom tida. Det har òg næringshistorisk verdi og ein klar estetisk verdi.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa og meiner omsynssona bør oppretthaldast.



19 Heimstad gbnr. 21/396 (Gjesdalhuset)

Heimstad, eller Gjesdalshuset, er eit empirehus med sveitserstildetaljer som tidlegare sto inne på Skorpa. Det vart flytta i samband med bygginga av Raude Kross-bygget. Huset er frå 1820-30-talet og vart flytta til Førde frå Vik i Sogn i 1873. Restaureringsarbeidet med Heimstad har fått bygningsmiljøprisen for Sogn og Fjordane.

Heimstad gbnr. 21/396 (Gjesdalhuset)

Tidsperiode: 1820-talet (1873)

Verneverdi:

Til liks med nabohuset Solberg har huset ein stor bygningshistorisk verdi med høg autentisitet og estetisk verdi. Historia til huset gir det òg ein næringshistorisk verdi. Heimstad ligg med omsynssone i kommuneplanen. Heimstad er nemnt av Ad hoc utvalet, men er ikkje prioritert

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om å legge ei omsynssone til huset.



20 Førde hotell gbnr. 61/204

Førde hotell er ei av dei mest tradisjonsrike verksemdene i Førde med røter attende til 1860. Eldste del av hotellet vart sett opp kring 1870. Opp gjennom åra har bygget gjennomgått store

endringar og påbyggingar. Likevel kan ein kjenne att det gamle hotellet i den sentrale delen av dagens hotell.

Gamle Førde hotell gbnr. 61/204

Tidsperiode: 1860-70

Verneverdi:

Førde hotell er bygningshistorisk interessant fordi ein kan lese mest heile bygningsutviklinga i Førde på godt og vondt i anlegget, frå det første hotellet i 1870 til dagen i dag. Huset har òg ein næringshistorisk verdi.

Prosjektgruppa ynskjer heile hotellkomplekset (ikkje nabobygget) som omsynssone. Med det meiner dei at endringar kan gjerast, men må sjåast i samanheng med resten av bygningsmassen. Den eldste delen bør takast særleg omsyn til, og fronten mot Hafstadvegen kan med fordel attendeførast.

Rådmannen er samd, men meiner ei omsynssone berre bør gjelde den eldste delen av hotellet, slik som i dag



1900-1910

21 Solhaug gbnr. 21/558 i Grovene

Bustadutbygginga i Grovene tok til med huset Solhaug. Det er eit særmerkt hus i sveitserstil med bratt tak og store utskorne dekorasjonar i gavlane.

Solhaug gbnr. 21/558 i Grovene

Tidsperiode: 1902

Verneverdi:

Solhaug er eit særprega hus med stor bygningshistorisk verdi og prosjektgruppa ønskjer å legge omsynssone inn her.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om å legge ei omsynssone til huset.



1910-1920

22 Haavetun gbnr. 21/055 (Solvang)

Sunnfjord Ungdomsskule starta opp i Naustdal i 1902 som ein av dei første kristne folkehøgskulane i landet. Etter 8 år vart skulen flytta til Førde. Første skulehuset brann ned like før opninga i 1910, men nytt vart bygd i kopi og opna året etter.

Haavetun gbnr. 21/055 (Solvang)

Tidsperiode: 1911

Verneverdi:

Haavetun har stor bygningshistorisk verdi i tillegg til sosialhistorisk verdi og identitetsverdi. For mange skuleflinke ungdomar i Sunnfjord, var ein vinter på Solvang eit minne for livet, og for mange det dei kunne rekne med å få av utdanning ut over folkeskulen. Haavetun (Solvang) er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C.

Rådmannen er samd om å legge ei omsynssone her samt utvide sona til hage og bauta som står her.



1920-1930

23 Gamleheimen gbnr. 21/004 Grovne

Gamleheimen i Grovne vart bygd som aldersheim og sjuke-/fødestove av materialar etter den gamle prestegarden som vart riven i 1925. Gamleheimen vart nedlagt då helsetunet vart bygd i 1964, og huset vart nytta til bustadformål.

Gamleheimen gbnr. 21/004 Grovne

Tidsperiode: 1927

Verneverdi:

Aldersheimen i Grovne har nok først og fremst ein stor identitetsverdi for mange innfødde førdianarar. Her var det i tillegg til aldersheim, også fødestove og sjukestove. Gamleheimen er nemnt av Ad hoc utvalet, men er ikkje prioritert.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at det vert lagt omsynssone her.



24 Viking gbnr. 61/032

Ungdomshuset Viking var storstova i Førde heilt fram til Førdehuset vart bygd. Viking vart m.a. brukt til store stemner i Førde, og ved utstillingar var det dette huset som måtte brukast.

Viking gbnr. 61/032

Tidsperiode: 1928

Verneverdi:

Viking har særleg ein stor identitetsverdi for innfødde førdianarar og tilflyttarar.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at det vert lagt omsynssone her.



1930-1940

25 Bettenhuset gbnr. 21/074

Huset ligg på hjørnet mellom Langebruvegen og Angedalsvegen og vart bygd av tannlege Olaf Betten i 1934. Huset heitte *Tannhäuser* og er bygd i funkisstil. Det var tidlegare eitt funkishus til i dette området frå same tidsperiode - Østenstadhuset. Det vart rive i samband med bygginga av det nye bankbygget til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Bettenhuset gbnr. 21/074

Tidsperiode: 1934

Verneverdi:

Bettenhuset har stor bygningshistorisk verdi som kanskje det einaste bevarte funkishuset frå 1930-talet i Førde. Bettenhuset er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Bettenhuset ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at ein opprettheld omsynssone her.



1940-1950

26 Brannstasjonen gbnr. 22/255

Brannstasjonen vart bygd av tyskarane under krigen og var i bruk til kring 1965. Det er i dag NRK som disponerer stasjonen.

Brannstasjonen gbnr. 22/255

Tidsperiode: 1940-45

Verneverdi:

Brannstasjonen har ein historisk verdi som eit minne etter krigen i Førde. Brannstasjonen er vurdert av Ad hoc utvalet å høyre til gruppe C. Brannstasjonen ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at ein opprettheld omsynssone her.



27 Øens Prent gbnr. 22/240

Øens Prent vart starta opp av Albert Øen i 1933. Den første tida heldt dei til i andre etasje i handelslaget til Lasse Grønfur på Hafstad. I 1950 flytta prenteverket inn i noverande bygg bak sparebanken. Sjølve huset er eit murbygg i 1950-tals funksjonalisme, og bygginga var i si tid sveinestykket til ein annan kjend førdianar, Andreas Hjelmeland. På 1950-talet starta Albert Øen også reinseri og vaskeri i kjellaren i huset. Vaskeriet er no overtatt av BB-gruppa.

Øens Prent gbnr. 22/240

Tidsperiode: 1950

Verneverdi:

Verneverdien til dette huset går særleg på næringshistorisk verdi og historisk verdi knytt til personar som har vore viktige i Førde tettstad si historie. Bygget har òg ein bygningshistorisk verdi som representant for funksjonalismen like etter 2. verdskrig.

Rådmannen har valt å støtte prosjektgruppa om at det vert lagt omsynssone med hage ned mot elva her.



1950-1960

28 Sogn og Fjordane Husmorskulen gbnr. 22/233

Sogn og Fjordane Husstellfagskule flytta inn i nybygd hus på Prestebøen i 1957 etter 10 år i leigde lokale. Skulen var i drift her til 1994. Etter den tid vart den overtatt av kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane Husmorskulen gbnr. 22/233

Tidsperiode: 1957

Verneverdi:

Husmorskulen frå 1957 har næringshistorisk og bygningshistorisk verdi. Bygget representerer gamal skulehistorie og vart bygd som husmorskule for Nordfjord, Sunnfjord, ytre og midtre Sogn. Eigedomen er omkransa av hage/park som fungerer fint som grøntområde. Området går naturleg over i grøntområde rundt Førdehuset og stadion. I dag held Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling til her. I bakre del av bygget vil det vere danseverkstad. Bygg og grøntanlegg med gode kvalitetar. Prosjektgruppa ynskjer å oppretthalde heile eigedomen som omsynssone.

Rådmannen ønskjer ikkje at det vert etablert omsynssone her grunna dei utviklingsplanane som i dag vert drøfta om utviding av Førdehuset og potensiale for transformasjon i området.



1970-1980

29 Flytårnet Øyrane

Ordinær flytransport frå Førde tok til med Andreas Hjelmeland som starta selskapet Førde-Fly i 1966. Han bygde kombinert sjøflyhangar, kai og ekspedisjonsbygning på Øyrane, like ved utløpet av Jølstra. Då Widerøe sette i gang ordinære flygingar til Førde i 1971 var det bygd

landingsstripe og tårn på taket til ekspedisjonsbygninga, og dette fungerte som flyplass i Førde fram til Bringeland vart opna i 1986

Flytårnet Øyrane

Tidsperiode: ca. 1970

Verneverdi:

Prosjektgruppa peiker på at knapt noko enkeltbygg i Førde fortel meir om optimismen og pågangsmotet i Førde på 1960-talet enn flytårnet på Øyrane. Berre tanken på å bygge ein kortbaneflyplass midt i eit industriområde og eit veksande sentrum er eit uttrykk for dette.

Rådmannen er samd i at det vert etablert omsynssone her, men berre avgrensa til flytårnet og terminalbygget.



Andre kulturminne

Ca 1700 – 1840

30 Landabryggja

Langs elva nedanfor Hafstad vidaregåande skule der elva gjer ein sving, er det spor etter ei gamal jektebryggje med ein mur på 70 meter og ein mura utstikkar. Det har frå gammalt av òg vore naust og sjøbuer på staden. Det var òg ferjestad her med ferjemann som frakta folk og varer over elva før bruene kom.

Landabryggja gjekk ut av bruk då Langebrua vart bygd i 1838, og fartøy med mast ikkje lenger kunne passere. Landingsplassen vart då flytta nedanfor brua.

Landabryggja

Tidsperiode: ca. 1700 – 1840

Verneverdi:

Landabryggja har først og fremst stor næringshistorisk verdi og historisk verdi knytt til samferdsle i det gamle Førde. Landabryggja ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen er samd med prosjektgruppa om at ein opprettheld omsynssone her.



9 Bygningar og bygningsmiljø i grendene

9.1 Den eldre bygningsmassen i grendene

Eldre enkeltbygg og heile bygningsmiljø har blitt framheva i Sunnfjord, men det gjeld for andre kommunar enn Førde. Det har ikkje vore noko fokus på eldre bygg i grendene her, men det viser seg likevel at kommunen har ein interessant bygningsarv her.

SEFRAK-registreringa som hovudsakleg omfattar eldre bygg bygde før 1900, blir i stor grad lagt til grunn når det gjeld bygningar i grendene. Registreringa føregjekk i 1978 og i 1991-93. Det vart registrert i alt 1 430 bygningar og restar etter bygg.

Det registrerte materialet gjer det mogleg å femne om heile kommunen på ein likearta måte og å sjå nærare på bygningar og bygningsmiljø. Det registrerte materialet har blitt digitalisert. Det er i dag mellom anna tilgjengeleg på <https://www.fylkesatlas.no/> og www.matrikkelen.no.

Det er interessant å sjå nærare på nokre overordna trekk ved dei registrerte bygga, som alder og funksjon. Her er alder sett til heile hundreår:

1500-talet – 5 bygg

1600-talet – 14 bygg

1700-talet – 83 bygg

1800-talet – 1208 bygg

1900-talet – 47 bygg

Det er ikkje uventa at det er flest bygningar frå 1800-talet. Særleg er dei siste 25 åra av hundreåret godt representert. Alder på bygga vart oppgjeve av eigar, og for 73 bygg vart det ikkje opplyst noko om alder.

Dei registrerte bygningane har hatt ulike opphavlege funksjonar. For dei bygga der det er føreligg opplysningar, ser biletet slik ut:

Fast busetnad med tilknyting til landbruk, fiske, fangst	- 1393 bygg
Merkantil verksemd	- 5 bygg
Offentleg forvalting, kyrkjer, militærvesen	- 1 bygg
Undervisning, forskning, idrett og andre kulturføremål	- 5 bygg
Samferdsle	- 1 bygg

Ikkje uventa hadde størsteparten av bygningane i kommunen ei tilknyting til fast busetnad innanfor primærnæringane. Ser ein nærare på funksjonen til bygga i denne gruppa, blir resultatet såleis:

I hovudsak bustader	- 461 bygg
Til koking, slakting, baking, korntørking, personleg hygiene	- 80 bygg
Til lagring av mat, klede m.m.	- 124 bygg
Til lagring av køyretøy, maskiner, båtar m.m.	- 71 bygg
Til husdyrhald	- 430 bygg
Til lagring av gjødsel, husdyrfôr	- 157 bygg
Til hagebruk og gartneri	- 0 bygg

Til handverk/småindustri ved jordbruk, fiske, fangst	- 71 bygg
Til andre føremål	- 1 bygg

Landbruk har vore den viktigaste næringa, og bygningane avspeglar ulike funksjonar knytt til landbruk og gardstun. Den typiske bygningen i SEFRAK-registeret er dermed frå siste halvdel av 1800-talet og gjerne del av eit gardstun.

For å få eit hjelpemiddel til m.a. søknadshandsaming og forvaltning av eldre bygningar, vart det gjennomført ei evaluering av bygningsmassen. Den føreligg i *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune* (1994), utarbeidd av Camilla Mohr hjå Fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane. Evalueringa vart gjennomført etter ein mal nytta på landsbasis, og bygningsmassen blei klassifisert i tre ulike klassar ut frå kulturhistoriske verdiar. Planen ligg til grunn for lokal kulturminneplan.

Enkeltbygg og heile bygningsmiljø vart ved evalueringa delt inn i tre verneklassar, A, B og C, der A har høgast verdi og C lågast. Dei blir i det følgjande referert til som klasse A, B og C. Klasse A inneheld bygningar/bygningsmiljø med kvalitetar som gjer at dei kan fredast etter lov om kulturminne. Klasse B omfattar bygg/bygningsmiljø med kvalitetar som tilseier at dei kan sikrast ved regulering etter plan og bygningslova. Klasse C er alle bygga som ikkje er så antikvarisk verdifulle at særlege vernetiltak er nødvendige. Vanlege saksprosedurar må likevel nyttast ved forvaltning av desse bygga. I kap. 6.3. er det gjort greie for kriteria som vart nytta ved evalueringa. Resultata vart i hovudsak presentert i lister. Klassifisering i tre grupper er ei god inndeling med tanke på kulturhistoriske verdiar. Det må likevel presiserast at terskelen for å frede etter lov om kulturminne ligg svært høgt og omfattar berre bygg/anlegg med nasjonale verdiar og i medhald av eksisterande fredingsstrategi.

Bygningar/bygningsmiljø i klasse A og B inngår i lokal kulturminneplan for Førde. Det er ei stund sidan registreringa var gjennomført, og i dag kan det vere spørsmål både om kva tilstand denne bygningsmassen har og kor mange bygg som enno finst. Det trengst ein gjennomgang av heile bygningsmassen for å gje fyllestgjerrande svar, og det var det ikkje høve til å gjere i samband med kulturminneplanen. Det kan likevel opplysast om at registreringar gjort i 1978 vart sjekka i 1991. Resultatet viste at heile 17 % av dei registrerte bygningane då var borte. For nokre grender var tapsprosenten opp til 21 %, noko som var nedslåande.

Kap. 9.2. omfattar bygningar/bygningsmiljø i klasse A. Bygningar/bygningsmiljø i klasse A og B er vist på karta. I vedlegg 2 er ei fullstendig liste over kulturminne i klasse A og B. Her er også interessante bygg og andre kulturminne som kom fram på grendemøta. Nummereringa under viser til plassering på karta.

9.2 A-bygg i grendene

Sørsida av Førdefjorden

10 SØ. Nestetunet i Bjørkedalen (gbnr. 70/2). Samanbygde eldhus og eldstove var vanlege på gardsbruk i Førde, og her er det beste dømet. Den lafta røykstova kan vere frå 1500-talet. I tunet står også eit eldre, typisk og autentisk stabbur med skot. Begge bygga står i klasse A.

11 SØ. På Ytre Kråkenes (gbnr. 69/3) står ei eldre røykstove frå husmannsplassen Storekvia, truleg frå 1700-talet. Stova er lita, typisk og intakt. Står i dag som eldhus. Klasse A.

12 SØ. I bakkant av tunet i Solheimslia (gbnr. 75/1) står ei stor, autentisk løe frå 1600-talet. Slike er sjeldan bevarte, dei har enten blitt rivne eller sterkt bygd om. Klasse A.

Nordsida av Førdefjorden

4 No. Gardstunet Fossen (gbnr. 19/1) er samansett av åtte bygg som hovudsakleg ligg i to rekkjer. Her står vedhus og bu i stein, stabbur, sauefjøs og løe, alle frå 1700-talet. Våningshus og kårhus er frå 1800-talet. Kvernhuset står ved den vesle elva like ved. Alle bygga står i klasse A. Tunet er plassert i klasse A.

Angedalen

Hus og tun

13 An. Sperrestove på Kvål (gbnr. 29/2). Sperrestovene var tidlegare ein typisk bygning i tun i Førde, men dei har blitt mykje utsett for ombyggingar og riving. Denne er autentisk, i god stand og fint plassert tun. Klasse A.

14 An. Bu, Gamlebua, i Flugedalen (gbnr. 40/1). Ho kan vere frå før 1600, er autentisk og ein god representant for bygningstypen. Ei av få som står att i Førde. Klasse A.

15 An. Stova (våningshus) på husmannsplassen Hovdehogjen, Kvamme (gbnr. 41/1). Klasse A.

16 An. Stabbur på Tefre (gbnr. 42/3). Stabburet er representativ for ein eldre type stabbur med skot langs langveggene og eine kortveggen. Klasse A.

26 An. Gardstun Flugedalen (gbnr. 40/1). Eit heilskapleg og fint restaurert tun med våningshus, kårhus, to løer, vedhus/do/stall, eldhus, smaleflor og bu. Mur etter smie. Klasse B, men vart vurdert til klasse A.

Merk: Gamlebua, kan vere frå før 1600 og ei av dei få att i Førde -klasse A. Høg grad av autenticitet og god representant for denne bygningstypen.

Frå Vie til Mo

8 Su. På Kvanndalsstølen står eit steinsel. Klasse A.

Holsen

5 Ho. Ein lang, autentisk steinflor (gbnr. 9/8) står i stølsområdet på Nordalen. Klasse A.

21 Ho. Automatisk freda stabbur på Fleten (gbnr. 10/4). Klasse A.

22 Ho. Gardstun på Fleten (gbnr. 10/2) med våningshus, stabbur og eldhus. Klasse A.

Haukedalen

4 Ha. Eit lite sel, lafta med uvanleg stort tømmer på Geilastølen, Frøysland (gbnr. 4/7). Autentisk og velhalde. Klasse A.

5 Ha. På ytre Grønengstølen står ein stor og høg steinflor (gbnr. 3/4). Opphavleg og velhalden. Klasse A.

18 Ha. Smie på Ytre Grøneng (gbnr. 3/1). Her renn grova gjennom smia/eldhuset og via ei brye slik at det alltid er friskt vatn der. Interiøret skal vere intakt frå siste halvdel av 1800. Klasse A.

19 Ha. Ei lita løe med mura silo står i tunet på Ytre Årskoug (gbnr. 1/2). Løa er autentisk, og slike er sjeldne å sjå i dag. Siloen er rekna for å vere den eldste i bygda. Klasse A.

20 Ha. Stabbur med ovalt, fint tømmer i Kvia (gbnr. 7/6) på Hårklau. Bua er datert på årringar til 1600-talet og er under restaurering. Klasse A.



21 Ha. Lafta stabbur, også dette med ovalt fint tømmer, på Teigen (gbnr. 7/9) på Hårklau. Det kan vere frå 1700-talet. Klasse A.



22 Ha. Det gamle tunet på Ytre Årskoug (gbnr. 1/2) har ei velhalden samling av eldre bygg. Stova vart bygd tidleg på 1900-talet. Den vesle løa med silo er truleg frå 1800-talet. Stabburet er frå 1700-talet. Smia som ligg litt vekk frå dei andre husa, er frå 1800. Klasse A.

23 Ha. Øyragarden er eit privat bygdemuseum vest for Hårklau (gbnr. 7/9). T. Barlag har sidan 1960/-70-talet samla eldre rivingstruga hus i Haukedalen, Jølster og Gaular. Bygningane dannar eit eldre tun ved Øyraelva med stove, låve, utløe, kvernhus og smie, alle frå 1800-talet. Klasse A.

Det vert tilrådd at desse bygga og bygningsmiljøa i klasse A blir prioriterte ved søknad om kommunale løyvingar til kulturminnevern. Det er også framlegg om at dei, etter samråd med eigarane, kan synast fram til publikum mellom anna ved hjelp av informasjon og kulturminneløyper.








10 Krigsminne i Førde

Førde var sentral i fylket under siste krig. Det er viktig å ta vare på landskap og fysiske spor som er att i dag.

Kjell Ragnar Berge har i *Fronten er kysten!* frå 1995 skrive om krigen og krigsminna i Førde, og innhaldet nedanfor er henta derifrå.

Førde var under 2.verdskrig eit viktig kampavsnitt og støttepunkt. Frå hausten 1943 var dei indre delane av Sogn og Fjordane samla under Førde, med unntak av Årdal, Lærdal og Aurland. I Førde var den tyske militærleiinga for styrkane i fylket samla, og den låg her til krigen vart avslutta.

Kampavsnittet i Førde var del av ein større struktur i fylket. I Åbergsdalen i Gaular vart det etablert eit hovudlager for ammunisjon. Ute ved kysten vart det etablert kystartilleri der dei største var i Florø, Måløy og Lammetun i Fjaler.



Bilete 1: Krigsminne og rekvirerte bygningar under 2.verdskrig i Førde. Kjelde: Kjell Ragnar Berge *Fronten er kysten!* 1995 s.193.

Dei tyske utbyggingane i Førde var særleg konsentrert om to stader; støttepunkt A (Adolf) på Hundvebakke og støttepunkt B (Bertha) på Hafstadbakken. Dei tyske styrkane var plassert fleire stader i Førde. Støttepunkt A (Adolf) på Hundvebakke låg ved vegen til Naustdal og Florø. Her var ei infanteriavdeling plassert. 13 store og mindre brakker vart oppført her og fire MG-stillingar (maskingevær-stillingar).

Ved støttepunkt B (Bertha) på Hafstadbakken var delar av divisjonsstaben samla. Her stod 13 brakker og to MG-stillingar. Det var tre kanoner på betongfundament og ein sirkulær tunnel sprengt inn i fjellet over grusterrassen på Hafstad. I tillegg var det fleire nedgravne bunkarar. Dersom det kom ein alliert landgang eller det var kampar i distriktet, skulle kommandostaben flyttast inn i den store tunnelen.

Nede ved vegen aust for Kronborg låg det ein fangeleir med russiske krigsfangar. Fangane arbeidde med vegen opp til tunnelen, også kalla Burmavegen.

Forsyningsdelen til divisjonen var plassert i området ved Førde barneskule, Toene og Prestebøen. På Toene vart det bygd fire store brakker og ei på Vaskarvollen. På Prestebøen stod to bygg; ein soldatheim og ein potetkjellar.

Søraust for Førde kyrkje var det bygd bunkarar i grunnen. Førde barneskule, som stod nær Førde kyrkje, vart rekvirert av tyskarane. Området rundt barneskulen og Førde kyrkje var omkransa av piggrådgjerde, til liks med støttepunkt A, B og fangeleiren for krigsfangar.

Det vart påbyrja og laga til mindre tunnelar fleire stader i Førde. På Steinen, dåverande Førde kai, vart laga ein mindre tunnel. Her vart lagerhus delvis brukt av tyskarane. I nedre del av Grovene var det tannlege og eit lite sjukehus. Her vart det påbyrja, er fortalt, det som skulle vere ein sanitetstunnel. Det skal visst også finnast ein mindre tunnel ved Solvang folkehøgskule. Heile skuleområdet der vart rekvirert under krigen.

Endå fleire bygningar i sentrum og utanfor vart rekvirert for ulike funksjonar, slik som det skjedde elles i landet. Sivertsens hotell, som låg nær noverande Domus, inneheldt stabskontor og radiosendar. Slakteriet og fryseler på Halbrend, attmed Halbrendselva, vart overteke av tyskarane. Sameleis Hafstad hotell (Førde hotell), delvis Firda Billag, som då låg i Sentrum sør, Viking, Telegrafstasjonen, delvis postkontoret samt fleire privathus og driftsbygningar. På Hafstad budde øvstkommanderande.


Det vart gjort klar ei rad med sprengingsstadar ved tilkomstvegar i fall allierte styrkar eller motstandsrørsla kom. Ved Florøvegen, like forbi Hornnes, var det laga sprengkammer for sprenging av vegen og fjellet på to stader. Ved Bekkjavatnet ligg det framleis to sprengkammer, eitt på kvar side av vegen. Det var også laga ei sperring nede ved Førde sentrum. Farsund bru skulle også sprengast.

Krigsmakta oppførte anlegg som brakker, tunnelar, bunkarar, etter strenge og klårt definerte klassifiseringssystem.

I dag er svært mange av spora etter krigstida i Førde nok borte. Bunkarane ved Førde kyrkje blei blokkerte, brakker har blitt rivne eller brent opp. Nokre har, etter krigen, husa andre funksjonar, men har blitt borte ettersom åra har gått.


Dei mest tydelege spora i dag er innanfor støttepunkt A og B.

Ved støttepunkt A (Adolf) på Kletten ved Hundvebakke, finst løpegangar og maskingeværstillingar. Området er nytta som grøntområde, og det er sett opp opplysningsskilt.



Bilete 2: Omsynssone krigsminne på Kletten, Hundvebakke

Ved støttepunkt B (Bertha) på Hafstadbakken finst den store tunnelen i fjellet i tillegg til maskingevær-stillingar og bunkarar. Området ligg i innerkant av det store sandtaket på Hafstad.



Bilete 3: Omsynssone krigsminne på Hafstadbakken

Den einaste brakka som er kjent bevart fram til vår tid, er ei stor brakke på Toene. Ho husa seinare i ein periode Furubutikken på Toene.



Bilete 4: Omsynssone krigsminne på Toene

Vi ser det som viktig at dei attverande områda for støttepunkt A på Kletten ved Hundvebakke og støttepunkt B på Hafstadbakken, blir tekne vare på og sikra med omsynssone og føresegrer. Det same gjeld for den einaste attverande store brakka på Toene. Dei andre områda med spor, som dei mindre tunnelane, må også takast vare på.

Vi tilrår at det blir sett opp informasjonsskilt begge stadene eller gjeve informasjon på annan måte. Områda bør også inngå i kulturminneløype.

11 Den trondhjemske postvei

Den trondhjemske postvei kryssar Førde kommune og har hatt mykje å seie for samferdsleutviklinga i distriktet. Den 13.mai 1785 vart det utstedt kongeleg resolusjon om vekefast og regelbunden postføring mellom Bergen og Trondheim. Den trondhjemske postvei vart etablert for å få direkte postsamband mellom Bergen og Trondheim, i staden for den tungvinte ruta via Kristiania (Oslo).

I Sogn og Fjordane vart vegen bygd mellom 1785 og 1806. Dette var ein veg med bestemt vegstandard og var den første opparbeidde vegen. Dei andre vegane på denne tida var gang- og ridevegar.



Det vart bestemt at vegen måtte følgje ei meir indre rute enn kva som først var tenkt. Den indre ruta var kortare og med færre fjordkryssingar. Dei som bygde vegen var i stor grad bønder og husmenn som måtte utføre pliktarbeid.

Den trondhjemske postvei vart ei viktig samferdsleåre og fekk mykje å seie for seinare vegar. E39 kryssar såleis i dag Førde kommune og følgjer i stor grad same ruta som postvegen.

Mange stader ligg E39 i same trase som postvegen, andre stader ligg strekningar av postvegen bevart i landskapet. Dei lengste og best bevarte strekningane ligg sør i kommunen frå Langelandsvatnet og ned til Halbrendsbua. Vegen går frå vestsida av Langelandsvatnet, ned lia forbi Reset, kryssar E39 før han fortsett ned lia forbi Halbrend skule og til Halbrendsbua på E39. I 1894-99 vart det bygd ny vegparsell Førde – Langeland, og det medførte at postvegen her vart liggande så å seie urørt av den nye vegen.

Vidare austover mot Jølster ligg postvegen under E39, men kortare strekningar er bevart på Farsund og Mo. Restar av brukar vitnar om den gamle brua mellom Sunde og Farsund. Vegen er bevart i den gamle gardsvegen opp til Farsund, og han finst dels bevart ved Sunnfjord Museum, ved Moskogkrysset og på austsida av E39 etter vegkrysset. Delar av vegen på dei mindre strekningane ligg under plogen.

Det kan ikkje utelukkast at andre strekningar kan finnast. I 1870-73 vart det gjort omleggingar og utbetringar av vegen Halbrend – Vassenden. Vegen vart då t.d. lagt rundt Kusslineset for å unngå den bratte Bubrekka på Farsund.

I samband med fylkesprosjektet ”Den trondhjemske postvei – gjennom Sogn og Fjordane”, starta opp i 1993, vart postvegen registrert og vurdert. Deretter vart mange parsellar av vegen gjennom fylket restaurert takka vere lokal innsats og store løyvingar frå det offentlege (fylkeskommunen, fylkesmannen og Statens vegvesen). Delar av vegen er i dag fin å gå tur og stadvis også sykle på, og han illustrer den nye vegstandarden. Nærare opplysningar om Den trondhjemske postvei gjennom Førde kommune er å finne i prosjektrapporten, del II, Førde kommune.

Den trondhjemske postveg er eit kulturminne av regional verdi i Sogn og Fjordane. Dei attverande strekningane av postvegen kan sikrast med hjelp av omsynssoner etter plan og bygningslova.

12 Immaterielle kulturminne i Førde

Språk, stadnamn, song, dans, musikk, kunnskap og handelag i tradisjonelle handverk er døme på immaterielle kulturminne. Det same er kunnskap og handelag knytt til naturen. Immaterielle kulturminne og kulturarv er ei kjelde til identitet, med forankring i både historie og geografi. Det er mykje gamal og handlingsboren kunnskap som er i ferd med å forsvinne, og det hastar med å få det dokumentert og helst vedlikehalde.

1) Stadnamninnsamlinga i kommunen

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gjennomførte ei storstila stadnamninnsamling i alle kommunar i fylket på midten av 1980-åra. Også stadnamna i Førde kommune vart samla inn og ført på kart. Det var grendekontaktar i alle grendene. Fylkesarkivet har tilbydd kommunar å digitalisere dei innsamla stadnamna og gjere dei tilgjengeleg på internett, m.a. gjennom www.fylkesatlas.no

Det er sterkt ynskjeleg at også stadnamna i Førde blir digitalisert og gjort tilgjengelege for innbyggjarane.

2) Stadnamn innsamla i Angedalen

I regi av Angedalen skule og frivillige har det blitt gjort ei omfattande innsamling av stadnamn i Angedalen. Skuleborn har intervjuar eldre slektningar om stadnamn m.m. Namna har blitt samla inn, kartfesta og var i ein periode tilgjengeleg på internett.

Gjennom eit samarbeid med Fylkesarkivet og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir stadnamna no gjort tilgjengeleg på internett via karttenesta www.fylkesatlas.no.

3) Komponisten Johannes Haarklou

Johannes Haarklou (1847-1925) vann seg ein framstående posisjon i norsk musikkliv i perioden 1880-1925. Han var komponist, musikkmeldar, organist og dirigent. Søndag 31. juli 1927 vart det avduka ein minnestein over han på heimstaden hans på Hårklau i Haukedalen. Ved avdukinga var det kring 2000 menneske til stades.

Det er no eit fokus på arbeida til Haarklou i Førde. Musikken hans blir framført, og namnet hans er teke i bruk på konsertlokale og musikkfestival.

4) Folkemusikk i Førde

I fylkesarkivet si tradisjonsmusikksamling er det registrert 325 lydskutt med musikk framført av utøvarar frå/busett i Førde kommune. Dei eldste opptaka skriv seg frå 1954 medan dei yngste opptaka er gjort fram mot 2000. Mange av dei dokumenterte utøvarane er tilflyttarar til Førde. I tillegg til lyddokumentasjon, kan det finnast eldre notemateriale (transkripsjonar gjort før opptakaren kom). Det finnast dessverre ikkje noko komplett oversikt over dette. Både vokalmusikk og instrumentalmusikk (bygdedans- og runddansmusikk, primært på hardingfele) er representert.

Ein viktig tradisjonsberar på hardingfele var Johannes Holsen (1910-1992). Han var opphavleg frå Viksdalen, men budde og dreiv verksemd som urmakar i Førde. Musikktradisjonen hadde han mellom anna frå faren Nikolai og bestefaren Ludvik. Holsen blir rekna for å vere ei svært viktig kjelde når det kjem til både repertoar og spelestil.

Innan vokalmusikken kan ein trekkje fram Samuel Sandnes (1890-1980). Han kom opphavleg frå Jølster, men arbeidde som lærar og skulestyrar i Førde. Han både song og spelte fele og kom frå ein familie med mange utøvarar. Etter ekteparet Anton (f. 1925) og Marta Maria

(1922-2010) Heimestøl frå Holsen er det dokumentert ei rekkje åndelege viser/religiøse folketonar.

Generelt er det viktig å peike på at folkemusikk og –dans, som folkeleg uttrykk, lever og utviklar seg uavhengig av kommunegrenser, og at Førde er del av eit større tradisjonsområde i indre Sunnfjord. Om det ikkje er dokumentert så mange utøvarar *frå* Førde kommune, så er det dokumentert mykje i nabokommunane. Og det dreier seg, på overordna nivå, om den same tradisjonen.

For ein del år tilbake vart det gitt ut ein CD med arkivopptak av utøvarar frå Sunnfjord; Johannes Holsen (Viksdalen/Førde), Knut L. Sandal (Jølster/Bergen), Nils Furnes (Gaular/Bergen). <http://www.talik.no/hardingfelespel-fraa-sunnfjord.5135036-274290.html>

Det er eit levande folkemusikkmiljø i dag, og det er fint at denne tradisjonen blir ført vidare av utøvarar i dag.

3) Songtradisjon i Haukedalen

Bygda har vore kjend for rik songtradisjon. Det var vanleg at folk song fleirstemt i kyrkja og på juletreffar. Den aktive songgruppa i Haukedalen har sunge inn gamle songar på CD som er arkivert hjå Fylkesarkivet.

Songgruppa har gjort eit viktig arbeid som også kan vere til inspirasjon for andre tradisjonsberar.

4) Munnlege tradisjonar

Frå gamalt av vart det fortalt mange soger rundt om i bygdene. Dei handlar om både personar og naturfenomen. Døme er Soga om Stor Ola og Segn om trolldøra i Skorpefjellet, begge frå Holsen.

Det er fint om desse og andre soger blir innsamla og gjort kjende for andre. Ein stad å publisere dei kan vere i Historieskrift for Førde.

5) Lurtradisjon frå Nydal, Holsen

Lurar vart nytta i dei fleste grendene i kommunen, særleg i samband med støling og gjæting av buskap. I Nydalen har det i vår tid blitt teken oppatt den gløymde tradisjonen med laging av neverlur. Den nyerverva kunnskapen er døme på kunnskap som bør dokumenterast. Kanskje kan det vere eit grunnlag for både laging og omsetjing av lurar i dag.

Det er ynskjeleg å vite meir om både tradisjonen med bruk av lur i kommunen og korleis dei blei laga.

6) Husflid- og handverkstradisjonar

I alle grender vart det drive med handverk, og det var mange dugande personar. Mange kvinner i bygdene vov tepper og løparar som vart selde.

Nokre stader vart produksjonen spesialisert. I grendene ut med Førdefjorden var det fleire som på 1800 og tidleg 1900-tal dreiv med ein omfattande produksjon av ølhøner og kjeng. Mange vart laga som suvenirar. Produkta vart selde lokalt eller i Bergen.

Det er mykje handlingsboren kunnskap som det er verd å gjerast kjend og dokumenterast for ettertida. Det beste ville også vere om kunnskapane blei ført vidare i dag.

Vedlegg 1: Utfyllande opplysningar om utvalde kulturmiljø og enkeltminne i tettstaden Førde

Kulturmiljø

1 Sjøahola

Tidsperiode: Førhistorisk og historisk tid fram til kr. 1900

Sjøahola er Førde sitt Vikøyri eller Lærdalsøyri. Bygningsmiljøet inst i fjorden der det i tillegg til handel og gjestgjeveri utvikla seg eit miljø av strandsitjarar, fiskarar og handverkarar. Det er veldig lite att av dette miljøet i dag, men det ligg ein del hus mellom brua til Øyrane og kyrkja. Det er på høg tid å få registrert, tatt vare på og formidla det som er att. Her er potensial for automatisk freda kulturminne. I førhistorisk tid vart det halde marknader på slike stader og mogleg kan det i periodar vore naust her. Sjøahola må sjåast saman med mellomalderkyrkjestaden og dåverande gardstun på Skei/prestegarden.

2 Toene

Tidsperiode: 1661 – i dag

Området for denne omsynssona gjeld området på sørsida av Kyrkjevegen frå Kirkevolden i vest, til og med gamle prestegarden i aust. I tillegg gjeld det området på nordsida av Kyrkjevegen som har vore nytta som ekserserplass, utstillingsplass og idrettsplass. Det har vore store endringar i dette området opp gjennom tidene, men det er eit området der ein enno kan fortelje ei historie. Sjølv om det også er mange verneverdige enkelthus i dette området, er det ikkje dei enkelte husa som gjer det verneverdig. Det er heilskapen. Det er historia om Førde som embetsbygd og historia om diktarbygda.

Førde med Skei, som garden heitte, var ein gard fram til 1666. Den høyrde til Apostelkyrkja i Bergen og var krongods eller kongsgods. Garden vart kjøpt av Peder Finde i 1661. Han var prest og stor jordeigar i Førde og åtte gardar over heile Vestlandet. Kjøpte mellom anna opp alt apostelgodset på Vestlandet. I 1666 vart garden delt i 2 matrikkelgardar – Skei og Førde Prestegard. Skei vart samtidig delt i 2 bruk – Ytre og Indre Skei. Findeslekta vart sittande som eigarar av alle desse bruka fram til 1700-talet.

Indre Skei vart selt ut av slekta i 1706. Her budde det framover både offiserar, prestar og vanlege bønder. Første offiseren på Skei budde på Indre Skei. Mest kjende eigar er nok Ole Martinus Erdal som hadde garden frå 1872. Han var ordførar, banksjef og hestedommar. Det har gjennom tida vore mange giftarmål mellom folka på desse gardane. O.M. Erdal hadde to døtrer som gifte seg med eigarane av Falkenstein og Kirkevolden. Torbjørn Bergqvam som i dag eig Indre Skei er oldebarn til O.M. Erdal.

Ytre Skei vart seld ut av Findeslekta i 1731, og i 1740 kjøpte major de Coucheron garden. Med det starta den militære historia på det som seinare vart kalla Kapteinsgarden. Mest kjende slekta her er nok Christensen-slekta. Med litt velvilje kan ein seie at dei framleis sit på garden, sjølv om noverande eigar ikkje har direkte slektskap med denne familien.

Den tida det berre var ein gard (til 1666) er det grunn til å tru at garden låg der prestegarden også seinare vart liggande, og at det vart bygd nye hus på Ytre og Indre Skei når dei vart utskilde. Den neste gardsdelinga skjedde i 1811, då bruket Volden vart utskilt frå Indre Skei. Den var i privat eige fram til 1852 då sorenskrivar Christen Elster kjøpte garden som

embetsgard. Etter den tid har det budd sorenskrivarar her fram til 1971, Torjus Lundevall fekk kontor i det nye postbygget. Volden vart deretter prestebustad, noko den framleis er.

I 1823 vart bruket Ytre Skei delt. Det var då Falkenstein vart skilt ut som eige bruk. Frå dette bruket vart bruket Kirkevolden skilt ut same året. Truleg var det lensmann Jersin i Jølster som først kjøpte det som seinare vart kalla Falkenstein, medan lensmann Johannes Falch i Førde kjøpte bruket Kirkevolden frå Jersin same året. 8 år seinare, i 1831 kjøpte Falch også Falkenstein – og det er etter dette bruket har fått namnet sitt. Falch var lensmann fram til han døydde i 1855, og sonen Edvard overtok. Tre ugifte døtrer overtok då Kirkevolden.

Falkenstein vart selt vidare i 1862 til Rognald Indrebø frå Holsen som 10 år seinare selde vidare til kveghandlar Ole Olsen Bergqvam. Denne slekta sit enno på garden. Edvard Falch var kontorist hjå sorenskrivaren. Han kjøpte ut systrene sine på Kirkevolden i 1869 og flytta inn der med kone og 10 born. Han selde vidare i 1876 til distriktslege Schou – mest kjend for å vere gift med Alhed Schou som skreiv boka Svanøen i Søndfjord. Det var fleire legar som åtte Kirkevolden fram til bruket vart kjøpt av lærar Sigurd Aase i 1914. Barnebarnet hans Anne Erdal-Aase sit som noverande eigar.

Med dette som bakteppe kan ein seie litt om bygningsmiljøet på desse gardane – noko om det som står i dag, og noko om det som er vekke.

Prestegarden

Som tidlegare nemnt var første busetnaden i området der prestegarden ligg, men vi veit ikkje så mykje om dette. Det vi veit er at det vart sett opp hus på garden i presten Friis si tid, kring 1830. Det var eit hus som var sett saman av to eldre bygningar det eine frå Sogn, det andre frå Nordfjord. Eit kart frå denne tida syner òg at det var 11 hus i prestegardstunet. Huset vert av Gerhard Fischer i 1912 omtala som svært godt, noko som står i sterk kontrast til at huset vart rive i 1925. Materialane vart selt på auksjon og nytta til å bygge gamleheimen i Grovene. Det noverande huset på prestegarden vart bygd i 1924 ved sida av det gamle og i noko som skulle vere same stil. Kontorbygget på skrivargarden Volden kan ha kome frå prestegarden og vil i så fall skrive seg attende til Peder Finde sin prestegard kring 1660. Kjem attende til.

Volden

Det er litt uklar bygningshistorie på Volden. Når garden vart skilt ut i 1811 vart det sett opp nye hus. Bustadhuset vart truleg flytta til lensmannsgarden på Brulandsbakken i 1846, og nytt hus vart bygt på Volden. Dette er den delen av noverande bustadhus på Volden som ligg parallelt med Kyrkjevegen. Når sorenskrivar Elster tok over i 1852 bygde han på ein fløy sørover i tillegg til arka mot nord.

Elster fekk og flytta til den kvite kontorbygningen i 1855. Den stod tidlegare på Hundvebakke og hadde høyr til ein sersjant Ole Teigen. Huset skal tidlegare ha stått inne på prestegarden og kan vere så gammalt som frå presten Finde si tid på 1600-talet. Om det har vore prestebustad er vel meir tvilsamt, men det kan ha vore ein paktarbustad. Dette huset kan godt vere Førde sitt eldste hus.

Ytre Skei

Eldste del av bustadhuset er truleg frå 1700-talet. I 1854 bygde brødrane Thomas og Michael Christensen eit nytt og tilsvarande hus sør for det andre med 12 alen mellomrom. Mora deira budde i gamlehuset. I 1860 vart husa bygde saman med ei stove og det vart sett opp ark oppå. Michael gifta seg i 1868 og saman med kona flytta dei året etter til Veglo. Då tok dei med seg halve huset (den nye delen). Arka på midtstova vart deretter tatt ned og erstatta den delen som vart flytta. Thomas som vart buande att var ugift, og garden gjekk seinare over til Michael sine

søner Hjalmar og seinare Ingolf. Hjalmar bygde seg diktarstove i 1920, huset som Anne Schei Nyheim i dag har som kontorbygning.

Falkenstein

Gamle hovudbygningen på Falkenstein vart opphavelig bygd i Dale kring 1770 som kontorbygning til den kjende sorenskrivaren Hans Arentz. Den vart flytta til Førde og sett opp på Falkenstein truleg på 1820-talet. Arkitekt Gerhard Fischer omtalar dette bygget slik i 1912: *"Laftet tømmerhus med liggende rødmalt panel og grønne vinduer og dører. Frontfasaden viser en symmetrisk utforming med vinduerne ordnet på begge sider av hovedinngangsdøren på midten. Denne har liksom vinduerne i 1. etage lavt gavlformet toppstykke."* Dette huset vart freda i 1924, men vart trass i dette likevel rive i 1963.

Kirkevolden

Kirkevolden er eit av dei to freda embetsmannshusa i Førde (i tillegg til futegarden på Bruland) Hovudhuset er eit 1 ½ etasjes tømmerbygg med svaia tak og valma gavlar. Over inngangen er det ei flat ark. Huset vart truleg bygd på Svanøy som kontorbygg for futen rundt 1770 og flytta til Førde på 1800-talet. Det at embetsfolk og kondisjonerte flytta hus på denne måten var ikkje uvanleg. Huset vart freda i 1924

3 Steinen

Tidsperiode: Frå 1870 til i dag

Utviklinga på Steinen er uløyeleg knytt til to ting. For det første er det opprettinga av Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, eller *Nordre Bergenhus* Amts Dampskibe, som det heitte på den tida, i 1858. Med det fekk ein fast båtsamband for folk og varer mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Det andre er knytt til familien Steen som gjennom fem generasjonar har vore sentrale i utbygginga på Steinen, både som ekspeditørar på kaia og som gründerar bak mange næringstiltak på staden.

Det starta med Anders A. Holsen som fekk feste på Steinen i 1849 og bygde seg hus der. Han tok då namnet Steen etter plassen. I dei første ti åra med båttrafikk til Førde gjekk båtane til Steinen, der dei måtte ankra opp. Ekspederinga var ved kai inne ved Hafstad hotell. Derifrå førde dei folk og varer med mindre båtar ut til dampbåten. Anders A Steen hadde denne ekspedisjonen frå 1865 og fram til han døydde i 1885. I 1870 opna det ny veg frå Halbrendselva og ut til Steinen, og i samband med det vart første kaien på Steinen bygd. Son til Anders, Ola A. Steen, tok over etter faren. Han bygde ny kai på Steinen like vest for fylkesbåtkaia og sette opp eit stort pakkhus, der han i tillegg dreiv trelasthandel med bygningmaterialar og landhandel.

Veksten på Steinen heldt fram utetter 1900-talet. I 1916 delte dei to sønene til Ola, Anton og Emil, verksemdene mellom seg og bygde ut Steinen til å bli ein av dei mest travle kaianlegga i fylket. Det var Anton som tok over ekspedisjonen, men han dreiv i tillegg krambu, hestestall, brevhus, kafé og overnatting, kassefabrikk, trelasthandel og rikstelefonstasjon. Emil starta tønnefabrikk i det store pakkhuset. I tillegg hadde han to båtar som vart nytta til fiske og fraktefart.

I tillegg til dette var det og ullspinneri på Steinen. Det var Emil Steen som i 1918 bygde eit nytt hus vest for pakkhuset der han planla å flytte tønnefabrikken sin. Slik vart det ikkje. Han leigde i staden ut til Mathias Leivestad som starta ullspinneri der. Fabrikken vart i 1930 flytta inn til Halbrendselva i samband med at sonen Erling Leivestad tok over drifta. Dersom ein i tillegg tar med at det var slakteri på Steinen og at Anton Steen, i tillegg til alt anna, også dreiv med

persontransport, er det klart at Steinen har vore ein svært viktig stad i framveksten av tettstaden Førde.

4 Indre Halbrend gbnr. 62/001 (Brulandstunet)

Tidsperiode: 1800-1900-tal

Tunet var i ein kort periode i andre halvdel av 1700-talet eigd av Grimelien Verk i Askvoll. Dei kjøpte bruket i 1761 og bygde smeltehytte for koparverket her. Koparkisen dei tok ut i gruvene i Grimelia skulle fraktast den lange vegen inn fjorden for omsmelting. Halbrend var ein god skogsgard, og tilgang på mykje brennved var avgjerande for drifta. Drifta vart kortvarig og allereie frå 1785 var det vanleg gardsdrift på bruket att. Driftsbygningen til tunet ligg på andre sida av vegen og er vedtatt riven når nytt vegkryss for Askvollvegen vert utbygd.

5 Halbrend gbnr. 62/009 (Heljetunet)

Tidsperiode: 1800-1900-tal

På same vis som Brulandstunet er dette eit tradisjonelt gardsanlegg frå 1800-talet, der mange av husa er bevarte. Dei ulike husa er restaurerte og vert haldne i svært god stand.

6 Teigen

Tidsperiode: 1800 – 1900-tal

Teigen var opphавеleg eit bustadområde for ulike handelsmenn og handverkarar. Plasseringa er mellom hovudvegen og Jølstra like aust for Halbrendselva. Opphaweleg høyrte til Hafstad, men vart i tidlegare tider gjeve som faddergåve til Halbrend. Huset *Nøysomhet* er det eldste huset som står att i Teigen. Det vart bygd på Vie i 1845 og flytta til Teigen 10 år seinare av fargar Johan Neerland som dreiv fargerier her i 50 år.

I 1921 kjøpte Kristian Ulltang huset. Han hadde starta avisa Firda nokre år tidlegare og han flytta no trykkeriet sitt ut i Teigen. Olai Fauske etablerte seg som fotograf i Førde i 1912 då han kjøpte nabohuset til Nøysomhet. Dette huset som i dag er galleri og bustad vart flytta til Teigen kring 1880. Desse to husa er dei einaste av ein viss alder som i dag står att i Teigen. Både Fauske og Ulltang representerer ved sine yrke framveksten av det moderne Førde i byrjinga av 1900-talet.

7 Kyrkjevegen og bygningsmiljøet i Feten

Tidsperiode: 1880 - 1901

Dette området vert avgrensa i aust mot Kyrkjevegen. Her har ein bygningsmiljøet i Feten med Granheim (1899), Gamlebanken (1901), Erdalshuset (ca 1900) og Prestheim (1880). Mellom Gamlebanken og Granheim låg i tillegg det gamle bedehuset i Førde (1880-1957). Dette er alle viktige hus i Førdehistoria.

Granheim vart bygd som bustadhus for skomakar Andreas Kristiansen i 1899. I 1907 starta sonen Karl opp med handel i huset, og handel var det her heilt fram til 1980-talet. Etter ein del år med ulike leigetakarar, er huset i dag framleis i same slekta, no som bustad. Gamlebanken vart bygd i 1901-02 og var, når huset sto ferdig, det største huset i Førde. Førde Sparebank heldt til i halve første høgda, medan resten vart nytta av kommunen til kontor og møtelokale. Andre høgda vart nytta av telegrafverket. Dette hadde tidlegare halde til i Sivertsen Hotell. I andre høgda og på loftet var det i tillegg bustadareal m.a. til apotekar Thoralf Ruud med familie og telegrafstyrarinna. Førde Sparebank heldt fram i huset heilt til dei bygde nytt lokale ved

Langebrua i 1964. Førde kommune tok då over heile huset. I tillegg til kontor og møtelokale for kommunen var det både handelsskule og gymnas i huset. I dag er det Førde kulturskule som disponerer det.

Erdalshuset vart til liks med nabohusa nordanfor bygd rundt 1900. I åra 1917 til 1922 vart det første postkontoret i Førde plassert her. Eigaren av huset, Hermann Erdal, var smed, men dreiv også med skyss, både hestar og seinare bilar med utgangspunkt i dette huset. Prestheim vart bygd i 1880 av ein pensjonert prest, derav kjem namnet. Anne Cathrine Fasting, dotter til presten Michael Sundt Tuchsén Fasting og søster til forfattaren Ole M. Fasting, budde i dette huset. Seinare budde òg amtsdyrlegen her. Huset har hatt ulike eigarar opp gjennom 1900-talet. Sidan 1980 har det vore bustad til Steinar Aase.

Heile vegnettet sør for kyrkja har opphavet sitt i gamle driftsvegar som dei ulike gardane og bruka på Toene trong i jordbruksdrifta si. Noko form for «offentleg» veg vart det truleg ikkje før ein fekk den første faste busetnaden på Skorpa med Prokurator Lind i 1825, og handelsmann Lange (seinare Sivertsen) i 1830. Den viktigaste vegen vart då Kyrkjevegen som førte frå vegkrysset ved kyrkja og gjekk med allé ned til handelsmann Lange, og frå 1836 ned til Langebrua. Eit særkjenne ved alle desse vegane – Veglo, Kyrkjevegen, Prestebøen og Angedalsvegen - er at dei går parallelt med Jølstra. Dei har retning nordaust-sørvest, noko som er identisk med gardsgrensa mellom Skei og Førde prestegard, og mellom dei ulike bruka på Skeigarden.

8 Elvheim og Elvestad gbnr. 61/024 og 61/175 (Kristiansenhusa) og Pikant gbnr. 61/431

Tidsperiode: 1870-talet

Langs elva mellom Langebrua og Viking har det heilt fram på 2000-talet stått ei rekkje hus som har vore kombinerte næringsbygg og bustader, med næring i første etasje og bustad over. Desse husa vart bygde frå 1930-talet til 1950-talet. Dei fleste husa er i dag vekke og erstatta av høghus med kombinasjon av næring og bustad, eller vedtatt rivne. Eit hus står att og merker seg ut, det er òg det eldste huset i området. Det er det såkalla Kristiansen-huset. Det var målaren Tollef Bruland som sette det opp her på 1870-talet. Vi veit ikkje alder på huset, men det vart truleg flytta frå Bruland.

Neste eigar av eigedomen var Alfred Kristiansen. Han var bror til Karl Kristiansen som hadde handel ved Kyrkjevegen på Feten. Eigedomen vart skilt ut frå bruk 3 på Hafstad i 1921. Alfred starta opp med manufakturhandel i huset. I 1933 vart huset bygd på og fekk den forma det har i dag. Aust for dette huset, på same eigedom, vart det bygd ny manufakturbutikk i 1963 under namnet Førde Manufaktur. Desse husa er mellom dei få kombinerte næringsbygg/bustadar som står att langs elvekanten i Førde.

Restaurant Pikant opna i 2000. Den har eit moderne formspråk og utnyttar godt plasseringa si med den nære tilknytninga til elva. Det har tidlegare stått fleire slike bygg langs elvekanten, men dei er enten rivne og erstatta av høgbygg eller vedtatt rivne. Dei 3 husa som står att representerer òg 150 års næringsdrift i dette området. Dei 3 husa har òg bygningshistorisk verdi som representative for si tid.

9 Hagebyen

Tidsperiode: 1928 – 1960

Hagebyen i Førde ligg mellom Kyrkjevegen og Prestebøen. Første huset i dette området kom i 1928, men heile området vart ferdig utbygd på 1950- og 60-talet. Strukturen i dette området er regulerte einebustader med hage i sentrum. I området ligg òg ei rekkehuskjede med fylket sine eldste burettslag(?).

På grunn av at området er sentrumsnært kan denne strukturen lett bli trua. Dette vert synleggjort ved at det er blitt opna opp for lågblokker midt inni hagebyen. I sørvest ligg Domusbygget som ein vegg mot dette området og skil det frå resten av sentrum. Sjølv om det er strukturen i hagebyen som er det viktigaste, er det to enkelthus som merkjer seg ut. Det er Selmerhuset som vart bygd i 1928, og Eikesethuset frå 1948.

Selmerhuset vart bygd av ingeniør Thorleif Juell Selmer. Han var overingeniør i Vassdragsvesenet, og bygde huset som familiebustad og kontor. Det er bygd i ein herskapleg stil med valmtak og søylegang som held opp den frambygde altanen. Huset er lite endra og står i dag fram som eit av dei flottaste bustadhusa i Førde. Selmerhuset vart seinare kjøpt av Magne Aase som starta opp butikkdrifta si i Førde i kjellaren på huset. Det er denne familien som framleis eig det. Eikesethuset vart bygd av sakfører Sigurd Eikeset. Til liks med nabohuset til Selmer var dette òg bygd som bustad i kombinasjon med kontor. Det var første bustadhuset i Førde som vart bygd i mur. Det vart teikna av ein bergensarkitekt.

10 Bygningsmiljøet ved Naustøyna – Klakeggbygget, Flatenbygget og Reiakvam Foto. gbnr. 61/017, 61/133, 61/087

Tidsperiode: 1928 -1964

Handelsmennene og jølstringane Anders Flaten og Jeremias Klakegg starta med handel på sørsida i Førde mellom 1910 og 1920. Klakegg leigde seg først lokale, men bygde det som seinare er blitt heitande Klakeggghuset i 1928. Flaten starta òg opp i anna lokale før han bygde på noverande stad kring 1930. Huset som står der i dag vart bygd i 1964. På nabotomta sette fotograf Dagfinn Reiakvam opp ei tyskarbrakke i 1947 der han dreiv butikken sin. Noverande hus vart bygd i 1962.

11 Bygningsmiljøet i Gravaldsberget

Tidsperiode: 1900-1950

I Gravaldsberget har ein del av den same busetnaden som har vore i Sjøahola, med tidlegare husmannsplassar som har blitt frikjøpt tidleg på 1900-talet. Kjenneteikna ved små bygningar. Heile vegen mellom Vaskarvollen og Skyttarkvia har det vore husmannsplassar, mindre bruk og handverkarbustader som har høyrte til, eller vore utskilt frå, gardane Skei og Førde prestegard, men det er få stader det er bevart eit slikt heilskapleg miljø som ved Gravaldsberget.

12 Grillenkvartalet

Tidsperiode: 1955 – 1970

Slutten av 1950-talet og 1960-talet var ein svært viktig periode i historia til Førde sentrum. Mest heile området på nord- og sørsida av Langebrua var eit stort anleggsområde. Gamle bygningar vart rivne, landskapet på sørsida vart heva pga. flaumproblem, og nye bygningar vart sett opp. I dag er mesteparten av desse rivne og bygde om. Eit unnatak er det vi her kallar

Grillenkvartalet. Grillenkvartalet består av Grillenbygget frå 1963, Grønfurbygget frå 1955 og Bergegården som vart bygd i fleire byggetrinn mellom 1960 til det sto ferdig i 1970.

13 Shell, Esso og Førde Vulk

Tidsperiode: 1955-1956

Shell-stasjonen ligg, saman med Esso-stasjonen og gamlebygget til Førde Vulk på motsett side av vegen, som ein port inn til det gamle sentrum på sørsida. Begge stasjonane er bygde midt på 1950-talet, men Shell-stasjonen er den eldste, og den som er mest tidstypisk av dei i dag. Den eldste bensinstasjonen i Førde var òg ein Shell-stasjon og låg ved Sivertsen hotell. For bilbyen Førde er det naturleg å ta vare på kulturminne knytt til trafikk og bilkøyring.

14 Administrasjonsbygg og verkstadhall Firda Billag gbnr. 21/175

Tidsperiode: 1963

Etter 40 år på sørsida flytta Firda Billag inn i nytt administrasjonsbygg på noverande stad i 1962-63. Huset er teikna av den engelskfødde arkitekten Connie Henden som budde i Førde og sette sterkt preg på utbyggingane i Førde på 1950- og 1960-talet.

15 Tuna i Vieåsen (Åsen og Åreflotberget burettslag)

Tidsperiode: 1970-talet

Tunløysingane i Vieåsen med 13 tettbygde tun, vart teikna av sognearkitektane Claus og Jon Lindstrøm for Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Bustadbyggelag. Ideen bak var å bygge barnevenlege bustadområde på ikkje-dyrkbar jord, med avgrensa biltrafikk og korte avstandar. Arkitektane la òg vekt på å la mest mogeleg av skogen i området stå og å plassere tuna rett i landskapet utan for store inngrep. Desse tuna er kanskje det mest vellukka bustadprosjektet i Førde når det gjeld både tilpassing og trivsel.

16 Blokkene på Bergum

Tidsperiode: 1971

Bustadbygginga på Bergum kom for alvor i gang etter at dei bygde Klettentunnelen i 1969. For første gong i Sogn og Fjordane satsa dei på å bygge høgblocker, og i 1971 var dei to blokkene ferdige. At folk var skeptiske til å bu slik skjønner ein når ein ser at berre halvparten av husværa vart selde når dei sto ferdige. Trongen for husværa var likevel stor i Førde og bustadbygginga i området heldt fram utover heile 1970-talet, med både rekkjehus i burettslaga Stranda, Øvre Stranda og Stykkje, og fleire blocker lenger inne, på Haugum. I løpet av 1970-talet vart det bygd i alt 325 husværa i dette området.

17 Førdehuset og stadionanlegget gbnr. 22/234

Tidsperiode: 1976 (1996)

Førdehuset vart bygd som regionalt kulturhus som ein del av satsinga på Førde som vekstsenter. Det var det første av slike kombinerte kultur/idrettsbygg i landet. Første del av bygget vart teikna av Peder Ristesund og bygd i 1976, men det vart utvida med 5500 m², til 17500 m² i 1996. Arkitekt då var Arild Waage. I 2018 står huset framfor ei ny utbygging då Førde kulturskule skal integrerast i bygget.

Det er naturleg at ein også tar med anlegga framfor Førdehuset. Det omfattar stadionanlegget, parkeringsplassen og den tilhøyrande, rette «paradegata» mellom parkeringsplassen og

stadionanlegget, gata som vert nytta 17.mai, under folkemusikkfestivalen og ved liknande høve.

Enkeltbygg

18 Solberg gbnr. 21/023 (Sandneshuset)

Tidsperiode: 1820 (1840)

Dette er eit av dei eldste husa i sentrum av Førde. Det vart flytta til noverande stad på Hundvebakke i 1840. Tidlegare sto det i Bergen, der det gjorde teneste som forretningslokale for Norges Bank. I daglegtale har huset også heitt Norges Bank etter at det kom til Førde. Mannen som flytta det og først eigde det var kaptein og veginspektør Muller. Han fekk òg bygd veg frå Sjøahola og fram til huset. Muller døydde i 1843. Då vart huset kjøpt av handelsmann Krohn på Hafstad (Krohnborg). Krohn døydde i 1870 og på auksjonen etter han kjøpte kommunen huset for å ha det som klokkargard.

Første klokkaren som budde her var Johannes M. Kvaal. Han budde her frå 1874 og fram til 1889. Då kjøpte han seg eige hus i Veglo. I tida fram til 1920 var det fleire kjende personar i Førde som budde i huset. Mellom desse var Martin Luther Storm. Han hadde i mange år vore styrar på Mo Jordbruksskule, men slutta i 1907. I tida frå 1908 til han døydde i 1916, budde han på Solberg. Etter Storm budde dikteren Hjalmar Christensen her fram til han fekk bygd seg diktarstove på heimegarden Ytre Skei.

I 1920 flytta klokkar og skuleinspektør Samuel Sandnes inn i huset. Han fekk kjøpe huset av kommunen i 1939, og huset er framleis i denne familien si eige. Solberg er eit vakkert empirehus frå Bergen, truleg bygd kring 1820. I Bergen var det bygd etter eksisterande gatenett, noko ein ser på at vinklane ikkje alltid er heilt rette. Huset har òg høg autentisitet i materialval på kledning, listverk og dører. Arka på taket vart bygd på 1930-talet.

19 Heimstad gbnr. 21/396 (Gjesdalhuset)

Tidsperiode: 1820-talet (1873)

Heimstad eller Gjesdalshuset, som det vert kalla i daglegtale, er nabohuset til Solberg. Huset stod tidlegare inne på Skorpa og vart rive i samband med bygginga av Raude Kross-bygget. Huset har ei lang og interessant historie. Det vart bygd som bustadhus på prestegarden i Vik i Sogn på 1820- eller 1830-talet. Seinare var det òg bustad for distriktslegen i Vik. I 1873 vart huset kjøpt av lensmann Albert M. Steen i Førde. Albert Steen var ein viktig mann i Førde i tida rundt hundreårskiftet. Han var konstituert fut, lensmann, ordførar og kasserar i Førde Sparebank i ein mannsalder.

Han døydde i 1929 og huset vart overtatt av sonen Sverre Steen. Han arbeidde som byråsjef i Finansdepartementet og selde huset vidare til Johanne Gjesdal alt i 1931. Johanne Gjesdal starta Førde sin første moteforretning i stova i huset. Ho var ugift og kommunen overtok huset etter at ho døydde i 1962. Huset vart då ståande tomt i 15 år pga. at plasseringa var i strid med gjeldande reguleringsplan for området. I denne tida forfall det mykje.

Kjartan Myklebust, som sjølv var reguleringsarkitekt i Førde, freista å finne kjøparar til huset. Det enda med at han i 1977 sjølv overtok det, flytta det til noverande stad, og restaurerte heile huset til eigen bustad. For dette arbeidet har dei seinare fått bygningsmiljøprisen for Sogn og Fjordane.

Gjesdalshuset er bygd som eit empirehus tidleg på 1800-talet, men har seinare fått ein del stiltrekk frå sveitserstilen som var rådande rundt hundreårskiftet. Innvendig er det gjort mindre endringar, men listverk, dørblad og andre detaljer er tatt vare på. Utvendig framstår huset slik det såg ut på Skorpa, med opphaveleg kledning og same okergule farge som det hadde.

20 Førde hotell gbnr. 61/204

Tidsperiode: 1860-70

Førde hotell er eit av dei mest tradisjonsrike verksemdene i Førde. Det heile tok til med Gunnar Hafstad som fekk handelsløyve her i 1860. Eit vilkår var at han skulle ta i mot reisande. Han bygde då opp skysstasjon og seinare hotell kring 1870. Namnet var då Hafstad hotell. Plasseringa ved den Trondhjemske postveg og med lakseelva Jølstra like ved, var viktig. Engelske laksefiskarar tok inn her og det same gjorde reisande langs postvegen. Opp gjennom åra har bygget gjennomgått store endringar og påbyggingar. Likevel kan ein kjenne att det gamle hotellet i den sentrale delen av dagens hotell. I følgje Hans Jakob Reite er det ikkje noko anna enkeltbygg i Førde som betre representerer den mangfaldige utviklinga som har skjedd i Førde.

21 Solhaug gbnr. 21/558 i Grovene

Tidsperiode: 1902

Bustadutbygginga i Grovene tok til med huset Solhaug. Det er eit særmerkt hus i sveitserstil med bratt tak og store utskorne dekorasjonar i gavlane. Huset er truleg bygd så tidleg som i 1902, av Gustav Arthur Ossian Limborg, ein svensk sjøkaptein som kom med familie til Førde rundt hundreårskiftet. Familien hadde eit turbulent liv den tida dei budde i Førde. Ossian Limborg døydde sjølv i 1908, medan kona var busett i Amerika under deler av dei første tiåra på 1900-talet. Det enda med at huset vart selt på auksjon i 1927, og kjøpar var Reinhardt Hukset og kona Nikoline. Huset er framleis i denne familien si eige.

22 Haavetun gbnr. 21/055 (Solvang)

Tidsperiode: 1911

Det store sveitserstilhuset Haavetun på Solvang har ein både interessant og dramatisk historie. Sunnfjord Ungdomsskule starta opp i Naustdal i 1902 som ein av dei første kristne folkehøgskulane i landet. Indremisjonen overtok skulen i 1906 og tok til å vurdere flytting til Førde. Etter at dei fekk hand om ei tomt på Solvang og stønad frå kommunen i Førde vart saka avgjort og dei sette i gang å bygge i 1909. Huset skulle vere ferdig til skuleåret tok til hausten 1910. Det vart det òg, men natt til 3. september brann huset ned og 6 menneske omkom. Dei seks høyrde alle til huslyden til styraren på skulen, Rasmus Øvretveit. Kona hans, svigermora og fire døtrer brann inne. Kona var dags ventande. Ho levde nokre dagar etter brannen, men døydde av skadane. Før ho døydde fødte ho ein gut som overlevde.

Ein skulle tru at ei slik hending sette ein stoppar for skuledrifta i lang tid framover, men skuleåret kom i gang i leigde lokale og ny skulebygning, som var ein kopi av den gamle, opna alt i 1911. Den fekk namnet Haavetun, oppkalla etter forkynnenaren Anders Haave frå Naustdal. I 1921 vart huset Firdatun bygd til som gymnastikk og sløydsal, og i 1930 bygde dei internatbygget Hortentun. Dette var oppkalla etter Thorbjørn Horten frå Aurland som var den som var drivkrafta til at skulen kom i gang i Naustdal. Hortentun var, til liks med Haavetun eit stort og staseleg bygg, men vart diverre rive i 1966, til fordel for nye internatbygningar. Rundt 1990 sto også Haavetun i fare for å bli riven etter at nye bygg på skulen hadde tatt over som undervisningsbygg. Heldigvis hadde sjukepleieutdanninga på Høgskulen trong for fleire

lokale og dei leigde det frå 1991.

Sunnfjord Ungdomsskule og seinare Sunnfjord Folkehøgskule, har vore ein viktig institusjon for mange ungdomar. Det var få som kunne få vidare utdanning, men eit år på folkehøgskule kunne fleire klare. Dei første tiåra rekrutterte den nok først og fremst frå Sunnfjord og næraste omland, men etter kvart kom det elevar frå heile landet og resten av verda.

23 Gamleheimen gbnr. 21/004 i Grovene

Tidsperiode: 1927

Gamleheimen i Grovene vart bygd av materialar etter den gamle prestegarden som vart riven i 1925. Han vart bygd som aldersheim og sjuke-/fødestove og mange nolevande førdianarar er fødte der i huset. Gamleheimen vart nedlagt då helsetunet vart bygd i 1964. Sidan den tid har huset vore nytta til bustadforemål.

24 Viking gbnr. 61/032

Tidsperiode: 1928

Viking var storstova i Førde heilt fram til Førdehuset vart bygd. Ved store stemner i Førde, og ved utstillingar var det Viking som måtte brukast. Ved den store varemessa i Førde i 1930 var det heile 2 000 menneske innom. Kinoen i Førde heldt også til i Førde? Viking?. I dag er Viking framleis eit levande forsamlingshus.

25 Bettenhuset gbnr. 21/074

Tidsperiode: 1934

Huset som ligg på hjørnet mellom Langebruvegen og Angedalsvegen vart bygd av tannlege Olaf Betten i 1934. Huset er bygd i funkisstil. Det var tidlegare i alle fall eitt funkishus til frå denne tida, i dette området, Østenstadhuset, som vart rive i samband med bygginga av nybygget til Sparebanken Sogn og Fjordane. Huset er modernisert opp gjennom åra, men har enno eit klart preg av funkisstil

26 Brannstasjonen gbnr. 22/255

Tidsperiode: 1940-45

Brannstasjonen vart bygd av tyskarane under krigen og var i bruk til kring 1965. Det har òg vore kontor og lager til Førde E-verk. I dag er det NRK som disponerer stasjonen.

27 Øens Prent gbnr. 22/240

Tidsperiode: 1950

Øens Prent vart starta opp av Albert Øen i 1933. Dei heldt første tida til i andre etasje i handelslaget til Lasse Grønfur på Hafstad. I 1950 flytta prenteverket inn i noverande bygg bak sparebanken. Sjølv huset er eit murbygg i 1950-tals funksjonalisme, og bygginga var i si tid sveinstykket til ein annan kjend førdianar, Andreas Hjelmeland. På 1950-talet starta Albert Øen også reinseri og vaskeri i kjellaren i huset. Vaskeriet er no overtatt av BB.

28 Sogn og Fjordane Husstellfagskule gbnr. 22/233

Tidsperiode: 1957

Husmorskulen, eller Sogn og Fjordane Husstellfagskule, flytta til Førde frå Alvera i Høyanger i 1947. Dei heldt i ti år til i leigde lokale på Sivertsen hotell, før dei flytta inn i nybygd hus på Prestebøen i 1957. Skulen var i drift her til 1994 då dei flytta saman med yrkesskulen på Hafstad til nybygg på Øyrane.

29 Flytårnet Øyrane

Tidsperiode: ca. 1970

Ordinær flytransport frå Førde tok til med Andreas Hjelmeland som starta selskapet Førde-Fly i 1966. Han bygde kombinert sjøflyhangar, kai og ekspedisjonsbygning på Øyrane, like ved utløpet av Jølstra. Når Widerøe sette i gang ordiner flyging til Førde i 1971 vart det bygd landingsstripe og tårn på taket til ekspedisjonsbygningen, og dette fungerte som flyplass i Førde fram til Bringeland vart opna i 1986.

Andre kulturminne

30 Landabryggja

Tidsperiode: 1700 – kr. 1840

Hafstad på sørsida av Jølstra utfordra Sjøahola som handelsplass sist på 1700-talet. Men «funnet» av ei eldre jektebryggje på Hafstad i 2007 kan tyde på at ein del trafikk gjekk inn hit også frå gammalt. Intakte jektebryggjer i stein er dessutan sjeldan kost for arkeologane. Bryggja på 70 meter er no under restaurering som eit minne om jektefarten og det første «sentrum sør» i Førde.

Landabryggja

Det var bonde Magnus Hafstad som i 2007 gjorde Førde historielag merksam på eit bryggjeanlegg nær Hafstadskulen. Han hadde òg namnet; *Landabryggja* etter *Hafstadlandet*. For ein uinnvigd kan byggverket på 70 meter oppfattast som ein mura elvekant med gammal torv og oreskog over. Ser ein betre etter, vil ein finne ein mura utstikkar på 7 x 8 meter (litt utrasa) og 36 meter låg bryggjemur innanfor. Ei meir ujamn steinsetting forlengjer bryggja 30 meter. Utstikkaren ser ut til å vere fundamentet for ei større sjøbu.

Gammal ferjestad

Vi veit at denne staden frå gammalt var ferjestad over Jølstra, frå Hafstad til Toene, kyrkja og Sjøahola. Elva var vid og roleg her, i overgangen til sjønivå. Frå tidleg på 1700-talet kjenner vi namn på ferjemenn som budde på staden, men dei kan ha vore der før.

Bryggje

At fjordgarden Hafstad frå gammalt hadde båtar og bryggje, må vi rekne med. På første fotografiet av Førde, ca. 1860, ligg enno eit gardsnaust på 12-15 meter nede i eit søkk nær bryggja. På 1700-talet hadde fleire gardar på sørsida bygt naust og sjøbuer på Hafstad. Buene var viktige i varebyttet med kystfolket. Behovet for bryggje auka med trafikken. Dei lause grusmassane i området kravde ein steinmur i front. Blokker på 100 til 1000 kilo blei køyrd fram. Truleg er det mest skikkelege murararbeidet utført på tidleg på 1700-talet av folk med pengar og behov for bryggje. Tidlege lensmenn i Førde sat på Hafstad/Bruland, og i ein periode frå 1725 heldt første sorenskrivaren i Sunnfjord til på Hafstad.

Postgard og futegard

Det kom fart i området sist på 1700-talet. Hamna i Sjøahola var blitt grunnare, og Jølstra fann løp meir direkte ut i fjorden. I 1785 kom den trondhjemske postvegen på Hafstad-sida, og Ivar Helgeson Hafstad fekk jobben som postbonde (postfører). Ein veg frå bryggja opp i tunet kopla bryggje og postveg saman. Berre fire år etter valde futen i Sunnfjord å flytte futegarden frå Svanøy ytst i Førdefjorden inn til Bruland i Førde. Bygningsmaterialane må ha kome i land på Landabryggja og så blitt frakta postvegen til Bruland. Det var kortaste vegen. Når futen skulle på sjøreise, må Landabryggja ha vore startpunktet.

Varer og losji

Fleire gardar på Haukedalen, Mo og Jølster sette opp sjøbuer på bryggja etter 1800. I 1837 låg der 15 buer og to jektenaust. Fire nye buer var planlagt. Det vitnar om aukande interesse for varer utanfrå. Saman med trafikken på postvegen gav dette grunnlag for drive losji ved Landabryggja. Bror til postbonden, Nils, fekk løyve til dette, med skjenkerett, i 1793. Staden heitte Hafstadbakken, seinare *Nøisomhet*. Det haugianskprega namnet kan ha kome med eit nybygg, og kanskje for å dempe klagane om fyll og bråk. Han utfordra også handelsmannen i Sjøahola ved å selje varer til bøndene, særleg kring haustinga; fekk rettssaker mot seg, men heldt nok fram med handelen.

Bråstopp i 1838

Veksten førte til spreining av aktiviteten, og kanskje trong for å liggje nærare sjøen. Neste generasjon på Hafstad, Karl, fekk i 1836 kjøpmannsløyve i Øyna, lenger nede ved elva. På Skorpa, på nordsida av elva, etablerte handelsmann H. C. Lange seg. Tanken om å binde saman Førde med ei bru over elva blei til alvor i 1836/37 då Lange og lensmann Falch gjekk saman om ei privat bru frå Øyna til Skorpa. Brua var på plass i 1838 og stengde for båtar med mast. Alle sjøbueigarane ved Landabryggja hadde protestert, likeeins ferjemannen og handelsbøndene i Vevring, som ville ha tilkomst til Landabryggja. Kommunestyret gav erstatningar til å flytte sjøbuene nedanfor brua. Vertshuset måtte gi seg, og postgarden flytta nedover. Ferjemannen hadde mista næringa si.

Gløymd bryggje og gjestgjevarstad

Landabryggja vart degradert til båtstøe. Jordbruket tok over og bryggja grodde til. Huset etter Hafstadbakken/*Nøisomhed* blei kring 1845 kjøpt av Kristoffer Krohn, som ikkje dreiv staden, men etablerte sitt Kronborg på Brulandsvellingene. Truleg selde han huset, som forsvann. Det kan vere dette huset som blei sett opp på ein holme i Jølstra av lærar Elias Fitje i 1845, og flytta derifrå til Teigen i 1855 av fargar og haugianar Nerland. For Nerland brukte tomtenamnet *Nøisomhed*. I så fall står huset i Teigen den dag i dag, nærmast intakt, med stildrag frå ca.1800. Det er då både eit minne om senteret på Landabryggja og om handverkarar, haugianisme og barneåra til avisa *Firda* under Kristian Ulltang, den første redaktøren.

(Teksten til omtalen av Landabryggja er skriven av Arne W. Aasland)

Vedlegg 2: Oversikt over utvalde kulturmiljø og kulturminne i grendene

Oversikta omfattar bygningar og bygningsmiljø i klasse A og B i *Plan for vern av kulturminne i Førde kommune*. Her er også innspel som kom fram på grendemøta. Kulturminna og kulturmiljøa er merka av på kart, sjå kap. 9.

Sørsida av Førdefjorden

Ferdslevegår og bruer

1 SØ. Den trondhjemske postveg passerer Førde. Den er intakt langs med Langelandsvatnet og ned til Reset. Gamlevegen ligg frå Halbrend skule under asfaltert gangveg ned til E39. Deretter gjekk vegen austover.

2 SØ. Soleimsdalen ligg eit stykke opp frå Førdefjorden og for folket her kunne det vere enklare å ta råka til Førde enn å reise via fjorden. Frå Soleim, øvste garden i Soleimsdalen gjekk det ein ferdsleveg austover via vestsida av Kalsetvatnet, ned til Halbrendsstølen og derifrå inn på Den trondhjemske postveg som dei kunne følgje ned lia til Førde.

3 SØ. Frå Soleim kunne folk komme seg rett sørover til Hjelmeland i Gaular. Då passerte dei først Friborgstølen på vestsida av Gjøsetvatnet og dinest Nasastølen.

4 SØ. Frå garden Fengestad går det ein velkjent ferdsleveg under fjellet Aksla nordover til Bjørkedalen nede ved Førdefjorden.

5 SØ. Frå Øygarden nær Karstadvatnet, kunne folk følgje stien og terrenget vestover via den vesle garden Mulahola og vidare vest til Mula ved fjorden.

6 SØ. Frå Øygarden gjekk det sti mot nordvest til Holmevika ved Førdefjorden.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

7 SØ. Friborgsstølen har sel og fjøsar til gardsbruka på Friborg (gbnr. 80/1, 80/3,

80/4, 80/9). Hagenes i Gaular (gbnr. 96/1, 96/3) har også støls plass her. Klasse B.

Kvernhus, sager og naust

8 SØ. I Naustnebba i Bjørkedalen står ei samling med fem naust, hovudsakleg tilhøyrande bruk under Fauske (gbnr. 71/1, 71/2, 71/4, 71/5, 70/1). Eitt er kombinert naust/sag. Klasse B.

9 SØ. På Fengestad (gbnr. 73/1) har det stått både oppgangssag og ei yngre sag. Det ligg ruinar etter begge. Klasse B.

Hus og tun

10 SØ. Nestetunet i Bjørkedalen (gbnr. 70/2) med samanbygd eldhus og eldstove og eit stabbur. Samanbygde eldhus og eldstove var vanlege på gardsbruk i Førde, og her er det beste bevarte dømet. Den lafta røykstova kan vere frå 1500-talet. I tunet står også eit eldre, typisk og autentisk stabbur med skot langs langveggene og eine kortveggen. Begge bygga står i Klasse A.

11 SØ. På Ytre Kråkenes (gbnr. 69/3) står ei eldre røykstove truleg frå 1700-talet, flytta frå husmannsplassen Storekvia. Stova er lita, typisk og intakt. Står i dag som eldhus i tunet. Klasse B.

12 SØ. I bakkant av tunet i Solheimslia (gbnr. 75/1) står ei stor, autentisk løe frå 1600-talet. Slike er sjeldne bevarte, dei har enten blitt rivne eller sterkt bygd om. Klasse A.

13 SØ. Gardstunet Ultang-Viken på Ulltang (gbnr. 65/7, no 65/85) har fire hus i tunet som alle er frå siste del av 1700-talet. Her står stove, løe, bu og vedhus. Klasse B.

14 Sø. Bustadhus, stabbur/verkstad, eldhus, grisefjøs med løe over står i Øvstetunet i Bjørkedalen (gbnr. 70/1). Bruket har også gardflor. Mur etter geitefjøs. Klasse B.

15 Sø. Nestetunet i Bjørkedalen (gbnr. 70/2, 70/1) har mange eldre bygg. Her står stabbur, kårhus, saghus, driftsbygning, eldhus og røykstove, vedhus, bustadhus, løe, samt naust og gardflor. Mur etter geitefjøs og utløe. Klasse B.

16 Sø. Dette tunet på Fengestad (gbnr. 72/1) inneheld bustadhus frå 1800-talet, kårhus frå siste del av 1800-talet og smie. Her står den første siloen i Sogn og Fjordane, bygd sist på 1800-talet av teglstein og nytta til håslått. Klasse B.

17 Sø. Gardstunet til Hogjen på Fengestad (gbnr. 72/2) har bustadhus, fjøs, løe/sauefjøs, sauefjøs, eldhus/verkstad, i tillegg til to gardflorar, alle frå siste del av 1800-talet. Klasse B.

18 Sø. Gardstunet på Hammarstad, Fengestad (gbnr. 72/6) inneheld bustadhus, fjøs, løe og bu/eldhus. Bygga er oppført på slutten av 1800-talet. Klasse B.

19 Sø. Husa i tunet i Solheimslia (gbnr. 75/1) står saman i ei klynge på den bratte innmarka. Fremst står stova frå 1800-talet og litt tilbaketrekt floren frå same tid. Den store løa i bakkant av tunet er frå 1600-talet og står i klasse A. Inntil løa står stallen frå 1800-talet. I tunet står også vedhuset frå 1800-talet. Mur etter smie, stabbur, kalvefjøs og løe. Tunet utgjør eit autentisk tun frå 1800-talet. Klasse B.

20 Sø. Bruket Markja under Heilevangsdal (gbnr. 76/1) har ei røykstove og ei bu, begge truleg frå 1700-talet og ein fjøs/løe frå tidleg 1800-talet, bygd om seint på 1800-talet. Klasse B.

21 Sø. I tunet i Muledalen (gbnr. 77/1) står det no bustadhus frå 1700-talet samt bu, eldhus/snikkarbu og fjøs med løe over, desse frå 1800-talet. Murar etter geitefjøs,

kjehus og stabbur. Klasse B. Gardstunet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

22 Sø. I Mulen står bustadhus, eldhus/vedhus og løe. Bruket har gardfjøs, og ved sjøen står eit nothus med brygge (gbnr. 78/1). Mur etter gardfjøs. Klasse B.

23 Sø. Årvika (gbnr. 66/6) var ein eldre husmannsplass. Huset med kombinert bustad og fjøs, blir no restaurert. Bustadhuset har spor etter moldbenkar. Det hørde også naust, gardflor og kvernhus til plassen.

24 Sø. På Fauske (gbnr. 71/1) ligg det fint bygde, lange og rette steingardar. Dei som markerer eigedomsgrensene til nabobruka og er lagt opp etter utskiftinga.

Skular, meieri, næringsbygg

Nordsida av Førdefjorden

Ferdslevegår og bruer

1 No. Frå gamalt av gjekk det ferdsleveg nede frå fjorden nordover over Einestølen til Åsedalen i Naustdalen.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

2 No. På Erdalsstølen har dei fire bruka i Erdalen stølsplassen sin med sel og florar i tre (gbnr. 17/1, 17/2, 17/3, 17/4). Klasse B.

3 No. Fossastølen har eit restaurert samanbygd sel og fjøs tilhøyrande Fossen (gbnr. 19/1). Det er også spor etter sel, fjøs og løe etter Erdalsdal si støling her (gbnr. 18/1). Klasse B.

Kvernhus, sager og naust

Hus og tun

4 No. Gardstunet Fossen (gbnr. 19/1) er samansett av åtte bygg som ligg hovudsakleg i to rekkjer. Her står vedhus og bu i stein, stabbur, sauefjøs og løe, alle frå 1700-talet. Våningshus og kårhus er frå 1800-talet. Kvernhuset står ved den vesle elva like ved. Alle bygga står i klasse A. Tunet er plassert i klasse A.

5 No. Gardstunet på Rotenes (gbnr. 16/1) inneheld våningshus og verkstad/våningshus frå 1800-talet. Stabburet er borte. Klasse B.

6 No. Instetunet ligg opp i bakkane i Erdal (gbnr. 17/3, 17/4). Her står våningshus/bu frå 1825-50-åra, eit anna våningshus samt løe og fjøs frå 1850-75-åra. Eldhus/stabbur er frå 1800-talet. Klasse B.

Skular, meieri, næringsbygg

Angedalen

Ferdslevegår og bruer

1 An. Furebø – Tynning er den gamle ferdselsvegen mellom Angedalen og Jølster, dels synleg som sti i dag. Stien går opp ved Grimelandshaug over Tynningen til Hjelmbrekke (Vassenden) i Jølster. Vegen har vore brukt i alle år som den gamle ferdslevegen frå Førde, innover Angedalen og over til Jølster. Dette er den kortaste vegen og var i vanleg bruk fram til brua på Sunde kom kring 1840.

2 An. Trodalen er den gamle ferdslevegen mellom Angedalen og Naustdal. Tydeleg som sti, og mykje nytta turveg frå Angedalen til Trodalsvatnet – merka som tursti over til Naustdal. Dei som skulle nordover gjekk over Trodalen til Reinene, Naustdal og ferdsleveg vidare til Hyen.

3 An. Ferdsleveg mellom Botnen/Indrebø via Flugestøylen og til Fluge, (Vassenden), Jølster.

4 An. Steinbru ved Grøvla, ved sidan av hovudvegen.

5 An. Ferdselveg innover Angedalen frå Skogstad til Indrelid, på vegen ligg Kvålsled (grindeled).

6 An. Restar etter den gamle Angedalsvegen går frå Eikeland til Bruket.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

På fleire stølar i Angedalen finn ein dei særleine samansette stølshusa. Dei har lang steinmura flor nedst, i trebygninga over er det i eine enden eit tømra sel, i andre enden eit grindbygg brukt som utsel/lager el. likn. Inngangen er midt på bygget under ei lita ark. Eit døme på slike er det istandsatte stølshuset på Kvål, stølshuset til Angedal på Vassbrekka og Brukesetlet på Vassbrekka (+ eit oppattbygd på Botnastøylen)

7 An. Kvålsstølen (gbnr. 29/2). Inste Kvål har teke vare på dei gamle husa slik dei var. På stølen er sel og løe og kombinert sel, løe og fjøs. Klasse B.

8 An. Stølen Vassbrekka er støl til Angedal og Bruket (gbnr. 31/1, 32/1, 32/2, 32/3) med sel og kombinert sel og fjøs. I indre Angedalen flytta dei meieriet med seg på stølen om somrane. Meierisetlet frå 1898 er sett i stand. Det same er fleire sel. Klasse B.

9 An. Øyastøylen, Indrebø (gbnr. 33/6) ligg på ei øy i elva. Det er eit fint stølsmiljø med sel, fjøs og høyløer som er sette i stand. Klasse B.

Kvernhus, sager og naust

Mange av bruka hadde eigne kvernhus, av dei står det att fire.

10 An. Kvernhus frå 1700-talet på Kvål (gbnr. 29/2). Står i bra stand ved elva, Anga.

11 An. Kvernhus til Bruket (gbnr. 31/1) på Eikelandsmyrane. Vatnet vart leia frå grova og i ei renne bort til kvernhuset. Kvernhuset har halde seg fint og er i god stand.

12 An. To kvernhus ved Grøvla. Eit står nede ved hovudvegen, Kvamsås (gnr. 39) og eit lengre oppe, Brunene, Tjønneland (gbnr. 27/2).

Hus og tun

13 An. Sperrestove på Kvål (gbnr. 29/2). Sperrestovene var tidlegare ein typisk bygning i tun i Førde, men dei har blitt mykje utsett for ombyggingar og riving.

Denne er autentisk, i god stand og fint plassert tun. Klasse A.

14 An. Bu, Gamlebua, i Flugedalen (gbnr. 40/1). Ho kan vere frå før 1600-talet, er autentisk og ein god representant for bygningstypen. Ei av få som står att i Førde. Klasse A.

15 An. Stova (våningshus) på husmannsplassen Hovdehogjen, Kvamme (gbnr. 41/1). Klasse A.

16 An. Stabbur på Tefre (gbnr. 42/3). Stabburet er representativ for ein eldre type stabbur med skot langs langveggene og eine kortveggen. Klasse A.

17 An. Gardstun Rishogjen (gbnr. 25/1) på Ramstad. Spesielt autentisk tun som har vore folkesett i sperrestova fram til nyare tid. Alt som var der i 1935 står der enno. Våningshus (stova) truleg frå 1700-talet, vognhus med stall (1840-1900) og bu. Mur etter eldhus, skal no restaurerast. Nyare er løe frå mellomkrigstida, vedhus med kove. Klasse B. Mykje flott og stabilt steinarbeid, særleg løa og floren (frå 1930-åra) der køyrebanda er steinmura, øvst er det opning til ein silo ned i køyrebanda. Nede har siloen to opningar ut til sides. Restaurerte steingrøfter, m.a. ei som går under låvebrua.

18 An. Gardstun på Kvål (gbnr. 29/2). Gardstunet i aust har velhaldne bygg. Ei sperrestove frå tidleg 1800-talet (klasse A). Vidare står Nyehuset her frå 1911 (hovudhuset), Johannestova har ovalt tømmer og er difor frå 1700-talet, kanskje tidlegare, den vart flytta hit frå Kråkenes på 1800-talet, Driftsbygning (ny) på gamle murar (middelaldermurar) etter at den gamle brann ned. Stall, smie, eldhus i stein, gardflor og eit par utløer. Klasse B.

19 An. Gardstun Bruket (gbnr. 31/1). Var eitt av dei største bruka i Angedalen med driftsbygning, eldhus, vedhus, smie, stabbur, våningshus, sperrestove fr

å 1840-åra, høyløe, bu. Sommarfjøs på Svortekvia og kvernhus på Eikelandsmyrane. Mur etter stall og sauefjøs. Gardstunet er særleg framheva mellom miljøa i Klasse B.

20 An. Gardstun Angedal (gbnr. 32/3). I tunet er våningshus, lafta med eit par betar frå gamle Førde kyrkje, og løe. Den gamle røykstova (kårhuset) (klasse A) er flytta til Andalen, Naustdal. Klasse B.

21 An. Gardstun Haugen (gbnr. 35/1) med restaurert våningshus, eldhus, stabbur og vedhus. Gbnr. 35/3 var husmannsplass som gjekk tilbake til garden. Klasse B.

22 An. Grimelandslien med nedste tunet (gbnr. 38/1) har ei stor og flott sperrestove og eldhus i stein. Klasse B.

23 An. Gardstun på Tefre (gbnr. 42/2) med våningshus, eldhus, driftsbygning og stabbur. Klasse B.

24 An. Gardstun på Tefre (gbnr. 42/3) med stabbur, eldhus og våningshus. Klasse B? Stabburet står i klasse A..

25 An. Husmannsplassen Hovdehogjen under Kvamme (gbnr. 41/1) vart restaurert for nokre få år sidan. Her står ei stove (klasse A), vedskjul og fjøs/løe. I tillegg mur etter bu og eldhus. Klasse B.

26 An. Gardstun Flugedalen (gbnr. 40/1). Eit heilskapleg og fint restaurert tun med våningshus, kårhus, to løer, vedhus/do/stall, eldhus, smaleflor og bu. Klasse B, men vart vurdert til klasse A. To utløer som høyrer til garden er òg restaurert. (m.a. fått nytt tak)
Merk: Gamlebua, kan vere frå før 1600 og ei av dei få att i Førde - klasse A. Høg grad av autentisitet og god representant for denne bygningstypen.

27 An. Gardstun Aksla (gbnr. 34/5) med fire bygningar. Gamlestova (før 1900) med tradisjonell treromsplan, men spesiell trapp som går to vegar; opp til inngangen t.h. og opp til gang og stabbur t.v.

Gamlestova er bygd saman med fjøs/løe frå før 1900-taøet med svalgang. Vedhus og nyare bustadhus (1929 + påbygd fleire gongar). Var husmannsplass under Botnen fram til 1880.

28 An. Ramstad (gbnr. 25/2), Våningshus. Eit eldre eldhus frå 1860-åra eit våningshus frå ca. 1860. Ein del av hovudhuset er òg frå tidleg 1800-talet.

29. An. Angedal (gbnr. 32/5) - Gamalt stabbur flytta frå Gjesdalstunet i Førde sentrum, opphavleg kom det frå Vik i Sogn, restaurert.

30 An. Tjønneland (gbnr. 27/5) - smie/eldhus/stabbur/vedahus frå 1900-20-åra restaurert med smil midlar. Eldhus med åre og steikehelle, smie med blåsebelg og tørkehelle, stabbur og vedahus i same bygget.

31 An. Furebø (gbnr. 26/2)? Sperrestove, treromsplan med stove, kove/kjøkken/gang hems over koven. Restaurert tidleg på 1990-talet (lagt nytt tak). Frå 1800-talet, trur den er blitt flytta til garden sidan ein ser det er brukt to typar tømmer.

32. An. Husmannsplassen Kvia, Furebø. Plassen vart restaurert i 1990-åra. Våningshus er flytta frå Naustdal og sett opp på dei opphavlege murane, same storleik. Det er òg bygd vedahus på dei opphavlege murane. «Nytt» stabbur flytta til frå Gaular.

33. An. Indrelia (gbnr. 35/2) Restaurerer ei gamal sperrestova. Fleire hus i tunet

34. An. Grimelandshaug (gbnr. 37/8) – Våningshus, lafta og bygd på. Smie-løe skal restaurerast og flyttast nærare våningshuset til våren.

Skular, meieri, næringsbygg

35 An. Meieriet på Vassbrekka (gbnr. 31/1). I Indre Angedal flytta dei med seg meieriet til støls om somrane. Dei hadde ein bygning på Indrebø (riven) og ein på Vassbrekka (frå 1898). Klasse A.

36 An. Furebø skule vart bygd i 1899 og husa skulen fram til 1974 (berre småskulen dei siste åra). I 2005 selde Førde kommune eigedommen til Ingunn og Audun Ramstad. Dei starta då restaureringsarbeidet.

Frå Vie til Mo, med Sundsdalen og Åsane

Ferdslevegår og bruer

1 Su. Den trondhjemske postveg er mykje bevart på Halbrend, mens han ligg under eksisterande veg på Hafstad, Bruland, Hagen og Sunde. Delar av vegen er bevart på nordsida av Movatnet og på Mo. Brukar frå brua mellom Sunde og Farsund (bygd truleg i 1838) er synlege i vatnet.

2 Su. På Korsnesodden på Farsund står ein mur som har samanheng med vintervegen, Vettereiene, frå Haukedalen og Holsen som passerte her i retning Førde.

3 Su. Det gjekk ein gamal ferdsleveg frå Sunde, opp Sundsdalen og over til Kleiva/Skilbrei i Gaular.

4 Su. Frå Mo gjekk det veg opp til Kinna og sameleis frå Mo opp til Åsane.

5 Su. Frå Kinna og Lia gjekk det ein eldre skuleveg over til skulehuset på Åsane. Det var bru nede i kløfta, over Gjelelva.

6 Su. Frå Farsund kunne ein gå opp til Solheim, gjennom Flugedalsgjelet og ned til Kvamme i Angedalen. Gamlevegen opp til tuna på Solheim er fint oppmura.

7 Su. I Refsdalen står det ei bogebru bygd i stein.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

8 Su. På Kvanndalsstølen står eit steinsel. Det er plassert i Klasse A.

9 Su. Indreåsstølen er stølsområda til Åsane gnr. 49 og her har bruka 1, 2, 5, 7, 17, 28 og 31 stølsbygga sine. Bygningane og kviene er spreidde i den vide dalen. Klasse B.

10 Su. Stevollsstølen er stølsområdet til Stevoll (gbnr. 48/1). Her står i dag sel og løe. Klasse B.

11 Su. Viestølen ved Digernesvatnet er stølsområdet til Vie gbnr. 43/1, 7, 8, 13, 17, 22. Sela og fjøsane er bygde i tre. Klasse B.

12 Su. Bruka på Bruland hadde sel og fjøsar, alle i tre, på Brulandsstølen. gbnr. 60/1, 2, 4, 7, 8, 10, 12, 13, 14, 31 og 34. Klasse B.

13 Su. Ullebuststølen er eit konsentrert stølsmiljø med fleire sel, fjøsar og utløe tilhøyrande bruka på Ullebust gbnr. 54/1, 2, 3, 4 og 5. Klasse B.

Kvernhus, sager og naust

14 Su. Åsen (gbnr. 49/5) har tørkehus for tørking av korn og kvernhus ved Sagelva. Klasse B.

15 Su. På Åsen (gbnr. 49/5) har det stått to kvernhus også lengre nede ved Sagelva. Ruinar. Klasse B.

16 Su. Det stod sag ved Sagelva på Indre Åsen, med løye frå 1776. Men det har vore sag også tidlegare på Åsen.

17 Su. Saga på Farsund stod først ved utlaupet av Kvigegrova på Hagen og vart flytta, kanskje i 1880-åra, til nær brua der ho står i dag. Det var reimdrift over til ei mølle. Ho er i bra stand.

Hus og tun

18 Su. Gardstunet på Mo landbruksskule (gbnr. 47/3) har fire eldre bygg; hovudbygning, verkstad, stabbur og fjøs. Klasse B.

19 Su. Museumsområdet i Movika er sett saman av 22 eldre bygg frå Sunnfjord. Her står skulestove, fleire eldre buer, stover, fjøsar, løer, vedhus og naust gruppert saman i mindre bygningsmiljø. Tre bygg er freda etter kulturminnelova. Klasse B.

20 Su. Husmannsplassen Dikjet på Ullebust, gbnr. 54/3, inneheld våningshus, bu og vedhus. Klasse B.

21 Su. På Holtane på Solheim gbnr. 45/3 står det ei eldre stove og løe.

22 Su. Bruket Mofleten (gbnr. 47/5) har ein stor driftsbygning med naturleg ventilasjon. Den vart bygd i 1930-åra, etter amerikansk tradisjon.

23 Su. Bruket Kinnaneset gbnr. 50/3 på sørsida av Movatnet har mange fine bakkemurar på innmarka.

24. Su. I Kusslia står eit sjeldan kulturlandskap med styva almar. Kulturlandskapet på gbnr. 46/4 blir halde ved like og almane blir styva og brukt til fôr også i dag.

Skular, meieri, næringsbygg

25 Su. Området har heile tre skulehus av første generasjon skulestove. Dei står på Sunde, Åsane og i Masdal.

26 Su. På Berget, også kalla Soleide, gbnr. 43/26, ved Bergavatnet heldt ferjemann til. Han frakta folk over Bergavatnet, mellom Berget og Hagen/Sunde og Farsund. Tunet inneheld fleire eldre bygg.

Holsen

Ferdslevegår og bruer

1 Ho. Deler av den gamle bygdevegen, Gamlevegen, over Rørvikfjellet til Førde kan følgjast ned til Leitet. Rest av den eldste vegen kan også finnast att i Brendene. Ved vegen oppe på fjellet ligg Likhammaren.**2 Ho.** Rest av den gamle bygdevegen kan finnast att på Høgset, i Høgsetskogen, i Stølsvika, over Skjervane og i Ulvedalane.

3 Ho. I Nydalen ligg ei steinbru, kalla Gamlebrua.

4 Ho. Den gamle Hestebåten, ligg i opplag i Nydalen. Den blei restaurert som del av eit prosjekt ved Holsen skule.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

5 Ho. Ein lang, autentisk steinflor (gbnr. 9/8) står i stølsområdet på Nordalen. Klasse A.

6 Ho. Nordalen er eit særprega og velhalde stølsområde med sel og store steinfjøsar. Her ligg stølsbusa til 10 gardsbruk på Holsen (gbnr. 9/2, 9/6, 9/7, 9/8, 9/10, 9/11, 9/13, 9/15, 9/16, 9/18). Klasse B.

7 Ho. Stølen Finnskotet har sel og fjøsar i både tre og stein (gbnr. 10/3). Klasse B.

8 Ho. Høgsetstølen. Denne velhaldne stølsgrenda inneheld tradisjonelle sel og fjøsar i tre (gbnr. 12/1, 12/2, 12/3, 12/5). Klasse B.

9 Ho. Nydalsstølen har både sel, fjøsar, kombinert sel/fjøs og utløe (gbnr. 14/1, 14/7, 14/8, 14/14). Klasse B.

10 Ho. Slåtteområdet Teigen, Svartegjelet på Holsen (gbnr. 9/16, 9/18). Her står tre utløer og ein gardfjøs. Klasse B.

11 Ho. Fire stader langs med den gamle stølsråka til Nordalen er det meisla inn skriftsord (bibelord) på store steinar.

12 Ho. Inskripsjon (bibelord) er meisla inn på eit berg ved Jentevegen/stølsveg til Nydalsstølen.

13 Ho. Det står mange utløer under fjella i Holsen.

Kvernhus, sager og naust

14 Ho. Eit anlegg med fire kvernhus står ved Kjerringfossen, ved elva Nordøla (gbnr. 9/4, 9/7, 9/14, 9/15). Klasse B.

15 Ho. Ved Skorpeelva står eit gammalt, restaurert kvernhus. Holsen gbnr. 9/7.

16 Ho. Det var ei flaumsag i Husetuftelva, med kongeleg løyve frå 1801.

17 Ho. Frå gamalt stod det oppgangssag i Viskedalen. Sirkelsag blei sett opp kring 1900.

18 Ho. Det har vore gamle kraftverk ved elva Nordøla. Holsen (gbnr. 9/12) hadde kraftverk i drift frå 1936 fram til 2000.

19 Ho. Ved Stølverlivatnet (778 moh) ligg ei stor steinbygd demme. Med den kunne dei regulere vassmengda i Sagelva som rann ned forbi Fleten. Her låg ei oppgangssag som gjekk ut av bruk ca. 1880.

Hus og tun

20 Ho. Automatisk freda stabbur på Fleten (gbnr. 10/4). Klasse A.

21 Ho. Gardstun på Fleten (gbnr. 10/2) med våningshus, stabbur, eldhus. Mur etter fjøs. Klasse A.

22 Ho. Vatningshus og stabbur på Heimestøl, Holsen (gbnr. 9/19). Klasse B.

23 Ho. Gardstun på Holsen (gbnr. 9/3) med våningshus, no garasje og lite museum. Stabbur, før stove, og smie. Klasse B.

24 Ho. Gardstun på Høgset (gbnr. 11/2). Det inneheld våningshus, sauefjøs og smie. Klasse B.

25 Ho. I gardstun på Høgset (gbnr. 11/4) står det fem bygningar; våningshus, bu, stove, låve, geite- og sauefjøs samt gardflor i Storelia. Klasse B.

26 Ho. På Høgset (gbnr. 11/3) står det fire bygg; våningshus, no lager, eldhus, driftsbygning samt gardflor i Storelia. Klasse B.

27 Ho. På Bøen i Nydalen (gbnr. 14/7) står eit konsentrert tun med fem bygg; våningshus, låve, bu, eldhus, stabbur samt naust nede ved vatnet. Klasse B.

28 Ho. På Husetuft (gbnr. 13/1) står det 13 bygg; våningshus, stabbur, eldhus, bu, stall,

tre løer, tørkehus, smie, geitefjøs, kvernhus og naust. Klasse B.

Skular, meieri, næringsbygg

Haukedalen

Ferdsleveggar og bruer

1 Ha. I eldre tid gjekk det ein mykje nytta drifteveg frå Nordfjord til Sognefjorden og vidare austover. Driftevegen kom frå Jølster, via Skryklingen, passerte Gjerland, Frøysland, Årskog og gjekk vestover Årskogheia og sør til Mjell i Gaular. Vegen kan finnast som stiar som er i bruk i dag.

2 Ha. Ein viktig ferdsleveg gjekk frå bygda, gjennom Myreskaret og sør til Vetlefjorden. Haukedølene hadde rett til hestebeite ved fjorden i Vetlefjorden.

3 Ha. Den gamle bygdevegen, «Gamlevegen», frå Førde over Rørvikfjellet finst att fleire stader inn gjennom Haukedalen. Intakte parsellar er ned Rørvikfjellet til Rørvika, mindre strekningar mellom Rørvik og Hårklau, vest og aust for tunnelen i Nesfjellet, gjennom tuna på ytre Nes, mellom Gjerland og Frøysland og mellom Frøysland, via Markja, til Grøneng. Vegen var grusa og hadde tydeleg vegskulder.

Stølar, utløer, utslåttar og gardflorar

4 Ha. Eit lite sel, lafta med uvanleg stort tømmer på Geilastølen, Frøysland (gbnr. 4/7). Autentisk og velhalde. Klasse A.

5 Ha. På ytre Grønengsstølen står ein stor og høg steinflor (gbnr. 3/4). Opphavleg og velhalden. Klasse A.

6 Ha. Ytre Grønengsstølen med steinflor og sel (gbnr. 3/4). Klasse B. Stølsmiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

7 Ha. Indre Grønengsstølen med sel og florar i tre (gbnr. 3/2, 3/3, 3/5). Klasse B. Stølsmiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

8 Ha. Slåttemiljø på Vollane, gamal stølsvoll aust for Grønengsstølsvatnet (gbnr. 3/2, 3/3, 3/5). Klasse B. Slåttemiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

9 Ha. Utslåttmiljø med høyløer på Botnakvia/Øyane, Grøneng (gbnr. 3/2, 3/3, 3/5). Klasse B. Utslåttmiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

10 Ha. Geilastølen på Frøysland. Klasse B.

11 Ha. Nesstølen med sel, fjøsar og utløer (gbnr. 6/1, 6/2, 6/3, 6/5). Klasse B.

12 Ha. Gardflor på Sygnehaugen, Grøneng (gbnr. 3/1). Låg, lafta gardflor oppført på 1800-talet. Han står på ein steinmur og med steintrapp opp til inngangsdøra. Klasse B.

13 Ha. Slåttemark med løer, gardfjøsar og støl på begge sider av Hårklaueelva (gbnr. 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6, 7/7, 7/8, 7/9, 7/10, 7/12). Dette miljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

14 Ha. Lafta gardflor på Grøneng (gbnr. 3/3). Gardfloren er restaurert. Tømra gard- og stølsflorar var gode vern mot rovdyr, særleg bjørn, og vart kalla bjønnaflorar. Det er få lafta gardflorar bevart i dag.

Kvernhus, sager og naust

15 Ha. To velhaldne kvernhus står i Kvernhusøyra, Grøneng. Her ligg murar etter tre kvernhus og ei stampe. Klasse B. Naustmiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

16 Ha. Samling med eldre naust ved vestenden av Grønengsstølsvatnet (gbnr. 3/1, 3/2, 3/3, 3/4). Klasse B. Naustmiljøet er særleg framheva mellom miljøa i klasse B.

17 Ha. Saga ved Gardafossen på Frøysland vart bygd i mellomkrigstida og var i drift fram til ca. 1960.

18 Ha. Ved Nordalselva på Gjerland, tett ved den gamle bygdevegen, stod det ei vassdriven sirkelsag. Her er store og tydelege murar etter saga.

Hus og tun

19 Ha. Smie på Ytre Grøneng (gbnr. 3/1). Her renn grova gjennom smia/eldhuset og via ei brye slik at det alltid er friskt vatn der. Interiøret skal vere intakt frå siste halvdel av 1800-talet. Klasse A.

20 Ha. Ei lita løe med mura silo står i tunet på Ytre Årskoug (gbnr. 1/2). Løa er autentisk, og slike er sjeldne å sjå i dag. Siloen er rekna for å vere den eldste i bygda. Klasse A.

21 Ha. Stabbur med ovalt, fint tømmer i Kvia (gbnr. 7/6) på Hårklau. Bua er datert på årringar til 1600-talet og er under restaurering. Klasse A.

22 Ha. Lafta stabbur, også dette med ovalt fint tømmer, på Teigen (gbnr. 7/9) på Hårklau. Det kan vere frå 1700-talet. Klasse A.

23 Ha. Det gamle tunet på Ytre Årskoug (gbnr. 1/2) har ei velhalden samling eldre bygg. Stova vart bygd tidleg på 1900-talet. Den vesle løa med silo er truleg frå 1800-talet. Stabburet er frå 1700-talet. Smia som ligg litt vekk frå dei andre husa, er frå 1800-talet. Mur etter kvernhus. Klasse A.

24 Ha. Øyragarden er eit privat bygdemuseum vest for Hårklau (gbnr. 7/9). T. Barlag har sidan 1960/-70-åra samla eldre, rivingstruga hus i Haukedalen, Jølster og Gaular. Bygningane dannar eit eldre tun ved Øyraelva med stove, låve, utløe, kvernhus og smie, alle frå 1800-talet. Klasse A.

i
ii

25 Ha. Potetkjellar på Rørvikfloten (gbnr. 8/3) ligg like ved vegen. Han er bygd inn i terrenget og mura opp innvending med tjukke heller. Det er få slike potetkjellarar i Haukedalen.

26 Ha. Slåttemark med fem utløer og to gardflorar i god stand på Frøysland (gbnr. 4/2, 4/3), på sørsida av elva.

Skular, meieri, næringsbygg

27 Ha. Forsamlingshuset ligg på Gjerland og vart bygd i 1912. To naboar gav grunn til bygget. Forsamlingshuset har i lang tid vore storstova i bygda og brukt til møte, basarar, juletreffar og gravferder. I kjellaren vart det i 1970-åra laga toalett og nytt kjøkken.

28 Ha. Fjellstova på Rørvikfjellet (gbnr. 8/6) vart oppført i 1937 i samband med ny veg over Rørvikfjellet. Aslaug Lien bestyrte fjellstova, som hadde kafé og overnatting i alle sommarsesongar fram til 1982.

29 Ha. Meieriet på Hårklau (gbnr. 7/8) er eitt av fire meieri som til ulik tid har stått i bygda. Det var i bruk fram til 1960-åra.

30. Ha. Meieriet på Frøysland var det siste meieriet aust for Nesfjellet. Det var i drift til 1958.

31 Ha. Bordkledning og annan material etter gamlekyrkja finst på fleire gardar. Slik material finst t.d. i bu på Hårklau og sel på Olastølen, Frøysland. Kyrkja vart riven ca. 1884.

iii
iv